

Digital salgsoppgave



Takk for din interesse for
Furehogvegen 80

Vedlagt følger vedlegg til salgsoppgaven.
For å se hele salgsoppgaven klikk på lenken under.

[Link til salgsoppgave](#)

Vedlegg til salgsoppgaven

Harpefossen Hyttegrend AS | Utbyggingsplan FB6 og FB7 Harpefossen

Innhold:	side
1	Førord 3
2	Grunnlag og målsetting for planarbeidet 3
2.1	Plangrunnlag 3
2.2	Kartgrunnlag 3
2.3	Målsetting 3
3	Planområdet 3
3.1	Lokalisering og avgrensing 3
4	Innspel til planarbeidet 4
4.1	Innkome merknader etter varsel om oppstart - vurdering 4
5	Omtale av planen 5
5.1	Areal 5
5.2	Byggeområder 5
5.2.1	Generelt 5
5.2.2	Hytteområde FB7, Naustdalssetra 7
5.2.3	Hytteområde FB6, Furuhogane 7
5.3	Friområde 8
5.3.1	Skiløype 8
5.4	Fellesområder 8
5.4.1	Generelt 8
5.4.2	Veg 1 8
5.4.3	Veg 2 og veg 3 9
5.4.4	Stikkvegar 9
5.4.5	Felles parkeringsplassar 9
5.4.6	Parkeringsdekning for hyttetomtene 10
5.4.7	Anna fellesareal for fleire eigedommar 10
5.5	Grøntstruktur 10
5.5.1	Friluftsområde 10
5.5.2	På hyttetomtene 12
FØRESEGNER	13

1 Forord

På oppdrag frå Harpefossen Hyttegrend AS representert ved Stein Bjørhovde har Nordplan AS utarbeidd eit framlegg til utbyggingsplan for hyttefelt FB6 og FB7 i Hjelmelandsdalen i Eid kommune. Planarbeidet har skjedd i samråd med administrasjonen i Eid kommune. Kontaktperson i kommunen har vore planleggar Asbjørn Tverberg. Utbyggingsplanen er utarbeid av sivilarkitekt Oddhild Fausa og ingeniør Gudveig Fure Oksholen.

2 Grunnlag og målsetting for planarbeidet

2.1 Plangrunnlag

Kommuneplanens arealdel gjeld for området. Området er ikkje regulert tidlegare.

2.2 Kartgrunnlag

Området har økonomisk kartgrunnlag med 5-meterskoter og oppmålingar langs veg 1 med 1-meterskoter. Ein må etter vårt syn pårekne ein del justeringar av plasseringar for hytter og veg p.g.a. dårleg kartgrunnlag.

2.3 Målsetting

Målsettinga med planarbeidet er å få lagt til rette for hytteutbygging, få fastlagt vegsystem og ein overordna grøntstruktur i området.

3 Planområdet

3.1 Lokalisering og avgrensing



Lokalisering av planområdet



Løypekart for Harpefossen. H4 tilsvarar FB7 og H5 tilsvarar FB6.

I vest grensar planområdet inn mot Utbyggingsplan for områda FB2, FB3, FB4 og FB5 i Hjelmelandsdalen. Elles grensar planområdet inn til LNF-områder.



Utsikt mot søraust frå felt FB3
Hjelmelandsdalen.



Utsikt frå FB6 mot sørvest, nedover

4 Innspel til planarbeidet

4.1 Innkomne merknader etter varsel om oppstart - vurdering

Oppstart av planarbeidet blei varsla i Fjordenes Tidende og Fjordabladet 17.07.06, samt med brev til aktuelle høyringsinstansar. Etter varsel om oppstart har det kome inn uttale frå følgjande partar:

4.1.1 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Brev datert 21.08.06:

- **Miljøvernavdelinga:**
Har ikkje avgjerande merknader til hyttebygging i samsvar med vedteken kommunedelplan for Hjelmelandsdalen.
- **Landbruksavdelinga**(etter fullmakt frå fylkeslandbruksstyret):
Har ikkje merknadar til oppstartsvarselet

4.1.2 Sogn og Fjordane fylkeskommune. Kulturavdelinga. Brev datert 29.08.06:

- Har ingen avgjerande merknadar til utbyggingsplanen når det gjeld automatisk freda og nyare tids kulturminne

5 Omtale av planen

5.1 Areal

Planområdet har eit totalt areal på omlag 247 dekar. Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsformåla slik tabellen under viser.

Reguleringsføremål	Plannemning	Areal, totalt
Fritidsbustader/ hytter	FB6-1 - FB6-13	83,7 daa
	FB7-1 - FB7-7	50,7 daa
Spesialområde- Friluftsområde (på land)	SpF1 - SpF21	74,2 daa
Felles parkering	FP1 - FP5	3,4 daa
Anna fellesareal for fleire eigedommar	F	0,8 daa
Skiløype, turveg	S	7,1 daa

I tillegg kjem areal til felles veg inkludert sideareal til vegen, totalt om lag 27,3 daa.

5.2 Byggeområder

5.2.1 Generelt

Totalt viser planen 101 hyttetomter. Det er lagt opp til køyreveg fram til alle hyttene. Parkering er forutsett å skje inne på eiga hyttetomt.


Det er lagt opp til framføring av vatn og kloakk til kvar hyttetomt. Leidningar er forutsett lagt i vegane. Der dette ikkje let seg gjere kan ein vurdere å legge leidningane i friluftsområda, men det må då reetablerast med stadeigen vegetasjon. Tiltaka må synleggjerast på plan som skal godkjennast av kommunen før oppstart.

Det er ikkje lagt opp til konsentrert hyttebygging i planen, med samanbygde hytteanlegg og liknande. Alle hyttene er tenkt som frittliggande bygg, som ei vidareføring av den type utbygging som finst i området frå før.

Inngrep på tomta skal gjerast so skånsamt som mogeleg for å ta vare på naturpreget. Det skal ikkje gjerast større terrenginngrep enn det som er naudsynt for å få plassert bygget.

Hyttene skal ligge tilbaketrukket og innpassast best mogeleg i terrenget og innrette seg etter dette. Hyttene skal ikkje plasserast dominerande i terrenget, og må plasserast slik at dei ikkje får silhuettverknad. Den enkelte hytta bør utformast på ein måte som gjer at den best mogeleg passar inn på tomta og den skal vere underordna naturpreget i området. Hyttene skal plasserast med omsyn til å oppnå gode soltilhøve i uteområda og med omsyn til soltilhøva til dei andre hyttene i området.

Vedlagt byggesøknad skal det følgje snitt/profiler som viser byggets plassering i terrenget. Ved byggemelding skal det følgje situasjonsplan som viser plassering av planlagt bygg på tomta.



Illustrasjonen over er henta frå Byggforskserien

Hyttene skal byggast i materialar i tråd med lokal byggeskikk, med bordkledning og knappe detaljar. Fargane på kledning og takteking skal vere avdempa og naturlike. Bruk middels til mørke jordfarger i skog og fjell. Unngå for store kontraster, for eksempel mellom vindskier og vegg. Val av takteking er viktig for hytta si utsjånad og fjernverknad, og skal vere torv, skifer eller tre. I skog og fjell har hytter tradisjonelt saltak, og dette skal brukast der ikkje spesielle omsyn tilseier noko anna.


Hyttene skal ligge lavast mogeleg i terrenget. Bygningar skal ikkje stå på pålar.

Terrasser skal byggast på terrengnivå, maks avvik frå opphavleg terreng vert sett til 30 cm.

Terrasser skal byggast i tre eller naturstein.

Frittstående boder/uthus kan ikkje vere større enn 10 m².

Der terrenget er bratt bør det veljast ein smal og langstrakt bygningskropp på langs av terrengfallet for å unngå for høg grunnmur på nedsida. Høgda på grunnmur bør ikkje overstige 30 cm og må ikkje overstige 1 m. Grunnmur bør byggast i gråstein, eller forblendast med gråstein.



Teikninga viser forholdet mellom bygningsbreidde og terrengfal

Der forholda ligg til rette for det (på flatare område) kan gavlen leggast på tvers av terrengfallet. Dette kan gi fordelar med omsyn til utsiktsforholda for hyttene bak, og takflata kan bli mindre dominerande i fjellsida. Dersom ein vel å legge gavlen på tvers av terrengfallet, må ein unngå for brei gavlfasade. Hytta bør alltid ha mønet parallelt med lengderetninga på bygget.

Områder med terrengfall mellom 1:3 - 1:6 kan byggast ut med bygningar som tar spesielt omsyn til terrengtilpassing, t.d. med maks. breidde på 5,5-6 m. Det bør dokumenterast tilpassinga til terreng i desse områda.



Analyse av området som viser kva område som er best eigna til bebyggelse.

5.2.2 Hytteområde FB7, Naustdalsetra

Området skal nyttast til hytter og ev. tilhørande uthus. Dette området skal opparbeidast på same måte som felt FB3 (som er under oppføring), med tanke på tomtestørrelsar, tetthet m.m.

Totalt er det planlagt 39 tomter i dette feltet, med tomtestørrelsar som varierar mellom ca. 1,0 - 1,8 daa.

I felt FB7 er maks bebygd areal på hyttene 140 m².

Feltet får tilkomst ved å vidareføre vegar nr. 1, 6 og 8 frå felt FB3. Alle vegane er dimensjonerte utifrå krava til skogsvegklasse 3, Heilårs landbruksveg.

5.2.3 Hytteområde FB6, Furuhogane

Tomtene i dette feltet er i gjennomsnitt noko større enn i felt FB7, og feltet skal delast opp med fleire grøntdrag. Tomtestørrelsane vil variere mellom 1,1 - 1,8 daa. Området skal nyttast til hytter med ev. tilhørande uthus. Området kan ha ei spredt utbygging, men i enkelte av områda, for eksempel FB6- 2, 4/5 og 9/10 kan hyttene plasserast i hyttetun. Disse områda må då planleggast heilskapleg og ein overordna plan må framleggast i byggesøknaden.

For hyttene i felt FB6 er maks bebygd areal 175 m².

Feltet får tilkomst ved å vidareføre veg 1 frå FB3, gjennom FB7 og opp til feltet. Vegen oppfyller krava til skogsvegklasse 3. For tilkomst inn i feltet er det lagt inn fem stikkvegar.

5.3 Friområde

5.3.1 Skiløype

Områda merka S på planen skal nyttast til skiløype. Delar av områda er eksisterande trasé for ski-/turløype. Områda skal knytast saman med skiløypenettet som i dag er utbygd og som kjem inn i planområdet. Det kan ikkje oppførast gjerder eller andre hindringar i desse områda.

5.4 Fellesområder

5.4.1 Generelt

Det er forutsett at vegane og parkeringsplassane blir brøyta om vinteren.

Vegane er klassifisert som skogsvegklasse 3 med tanke på stigning, kurvatur og liknande. Vegklasse 3 er standard for skogsbilvegar med moderat til lav trafikkgrunnlag, og for enkle gards- og setervegar. Vegen skal kunne trafikkeras med lass heile året, unntatt i teleløysingsperioden og i periodar med spesielt mykje nedbør.

Det er berekna breddutviding for u-svingane på veg 1, men utvidinga er ikkje tatt med i plankartet. Utvidinga vert lagt berre i innersving i dei tre aktuelle svingane, og einaste tomte som vert påverka av dette er tomt 54. Dette viser på teikninga for vegberekning og horisontalgeometrien.

Det skal ved bygging av vegtrasear jordslåast og tilstellast inngrep i terrenget. Stadeigen vegetasjon skal i størst mogleg grad tilbakeførast der det er gjort inngrep i samband med vegbygginga.



Oversiktsbilde av felt FB3. Veg1, veg6 og veg8 skal vidareførast inn i felt FB7.

5.4.2 Veg 1

Denne vegen er hovudvegen i planen og vil gi tilkomst til delar av felt FB7 og heile FB6, samt det nye skitrekket som er planlagd. Vegen er ei vidareføring av veg1 i FB3 (som er under oppføring), går gjennom felt FB7 og vidare opp til og gjennom felt FB6. Stikkvegane i felt FB6 knytter seg inn på veg 1. Det brattaste partiet på vegen får ei stigning på om lag 120 promille (ca. 1:9- 1:8), på strekningar inntil 150m. Elles ligg maks stigninga på vegen på om lag 100 promille (1:10). Vegbreidda er 5,5m inkludert skuldrer. Det er ikkje tillat med parkering langs vegen.

For å oppfylle krava i skogsvegklasse 3 må det anleggast ein møteplass langs vegen mellom felt FB7 og FB6. Den innbyrdes avstanden mellom møteplassane bør ikkje overstige 500 m. Møteplassen skal dimensjonert for møte mellom liten lastebil og vogntog, dvs. at møteplassen må ha plass til ein liten lastebil. Etter ynskje frå grunneigarar skal møteplassen plasserast i grensa mellom to eigedommar, med tanke på skogsdrift. Plassen bør leggjast best mogleg i terrenget. Langs resten av veg 1 kan stikkvegar og avkøyrslar nyttast som møteplassar. Kravet til snuplass for vogntog er oppfylt ved at ein kan nytte parkeringsplassen i enden av vegen.

Vegen er regulert til felles avkøyrslar/tilkomst, og er felles for hyttene i felt FB6-1 til FB6-13, tomt 63-68 i FB7 og brukarar av skitrekket.

5.4.3 Veg 2 og veg 3

Desse vegane er også vidareført frå felt FB3 og inn i felt FB7(Naustdalsetra). Veg 8 i FB3 heiter veg 2 i FB7, og veg 6 i FB3 heiter veg 3 i FB7. Den brattaste stigninga på desse vegane vil vere på om lag 100 promille (1:10).

Vegbreidda er 5,5m inkludert skuldrer. Det er ikkje tillat med parkering langs vegen.

Snuplassane er dimensjonert som vanlege snuplassar på tilkomstvegar. Dersom vegane seinare vert vidareført for å nyttast som skogsveg må det anleggast større snuplassar.

Vegane er regulert til felles avkøyrslar/tilkomst og er felles for hyttene i felt FB7-1 til FB7-7.

5.4.4 Stikkvegar

Stikkvegar nr. 4 - 8 er felles for hyttene i feltet. Stikkvegane er regulert til felles avkøyrslar/tilkomst, og er felles for dei tomtene som grensar inn til kvar stikkveg. Vegbreidda er 4m inkludert skuldrer.

5.4.5 Felles parkeringsplassar

Ved enden av veg 1 er det regulert inn ein større felles parkeringsplass FP1 med plass til 96 bilar. Dette skal dekke gjesteparkering for hyttetomtene langs veg1 i FB6 og i tillegg dekke parkeringsbehovet for skitrekket/rekreasjon i området. Plassen er utforma slik at den også kan brukast til snuplass for større kjøretøy.



Parkeringsplassen i enden av veg 1 er regulert inn i dette området, i tregrensa ovanfor felt FB6

I hytteområde FB6 er det også regulert inn fleire mindre felles parkeringsplassar i sambande med stikkvegane, som skal bidra til å dekke behovet for gjesteparkering lenger nedover i feltet. For tomt nr 7 - nr 16 og tomt nr 20 - nr 62 er det lagt inn ca 0,5 gjesteparkering pr. tomt. For tomt nr 1- nr 6 og tomt nr 17 - nr 19 er det tenkt at dei kan

nytte parkeringsplassen i enden av veg 1 til gjesteparkering. Under utbygging av området kan desse plassane nyttast som riggplassar.

Felles parkeringsplass FP2 er felles for hytte nr 7 til og med nr 14 og skal opparbeidast med 4 p-plassar, dvs 0,5 gjesteparkeringsplassar per hytte.

Felles parkeringsplass FP3 er felles for hytte nr 15 og nr 16, og for hytte nr 20 til og med nr 29, og skal opparbeidast med 6 gjesteparkeringsplassar, dvs 0,5 plassar per hytte.

Felles parkeringsplass FP4 er felles for hytte nr 30 til og med nr 39, og for hytte nr 59 til og med nr 62, og skal opparbeidast med 9 gjesteparkeringsplassar, dvs 0,5 plassar per hytte.

Felles parkeringsplass FP5 er felles for hytte nr 40 til og med nr 58 og skal opparbeidast med 9 gjesteparkeringsplassar, dvs ca 0,5 plassar per hytte.

5.4.6 Parkeringsdekning for hyttetomtene

For hytteområda er det lagt til grunn ein parkeringsdekning på 2 plassar pr. hyttetomt. Det er lagt opp til at begge parkeringsplassane skal opparbeidast på eigen grunn. Fellesparkeringsplassane skal ikkje dekke dette behovet

5.4.7 Anna fellesareal for fleire eigedommar


Området F er satt av til fellesareal for hyttene i område FB6 og kan nyttast til felles opplegg for avfall og kjeldesortering.

5.5 Grøntstruktur

5.5.1 Friluftsområde

Det er lagt vekt på å regulere inn ein god overordna grøntstruktur i planområdet, som skal sikre område med særskilte kvalitetar, underdele byggeområda, bidra til ein god fjernverknad, samt sikre tenlege "ferdselsårer" for gåande både sommar og vinter. Områda er regulert til Spesialområde - friluftsliv; merka SpF i planen.

Ein skal i størst mogeleg grad bevare landskapet sin utmarks karakter og rekreasjonsverdi. Det ikkje tillate å sette opp stengsler som hindrar allmenn ferdsel.




Analyse av vegetasjonen i planområdet

Analyse av vegetasjon og bratthet i planområdet har fungert som grunnlag for utarbeiding av grøntstrukturplanen i området. På tvers av lengderetninga i landskapet er det regulert inn fleire grønne kanalar. Desse bind saman hytteområda og vil vere aktuelle trasear for å kome seg opp på fjellet. Eitt av dei grønne tverrsambanda er lagt til skiløypa gjennom FB6. Det er også regulert inn smalare grønne kanalar på langs i terrenget. Desse vil kunne fungere som løypetrasear vinterstid samt som buffere mellom hytteområda sett frå dalen.

I FB7 er grøntdraget i nord-sør-retning tatt vare på etter ynskje frå bønder i området då dei i dag nyttar denne traseen til å føre dyr på beite. I tillegg er det lagt inn eit grøntområde sørvest i feltet for å skjerme eksisterande hytter sør for feltet. Steingarden i dette området bør ein prøve å behalde som eit landskapselement der det er mogleg.

I felt FB6 vert grøntdrag brukt til å dele opp byggeområdet. Langs skiløypetraseen er det lagt inn eit grøntdrag for å sikre traseen gjennom hytteområdet med buffersone til kvar side mot hyttetomtene, og sikre samanhengen frå hytteområdet og til friluftsområda rundt. Breidda på skiløypa er satt til 6meter og avstanden frå løypa og til tomtegrensene varierer med eit minimumsmål på 5 meter. Dette gir ei byggegrense med minsteavstand 9 meter frå skiløypa. I tillegg er det søkt å unngå utbygging i dei aller brattaste områda. Desse er regulerte som friluftsområde, men vil ha sin hovudfunksjon som grønne landskapselement.



Prinsipp for grøntstrukturen i planområdet.

For endane av stikkvegane i felt FB6 er det lagt inn smale grønne kanalar inn i dei breiare friluftsområda. Desse kanalane kan fungere som stiar utan særleg opparbeiding. Om ønskeleg kan stien grusast opp på ein underlagsduk. Det er då viktig å passe på at stien føyer seg godt inn i terrenget.



Eksempel på grusa sti som ligg godt i terrenget.



Eksisterande sti langs elva aust for FB6

Det er høve til å ta ut skog frå friluftsområda i samråd med grunneigar og hyttegrend, men det skal ikkje drivast snauhogst. Beitedyr (sau og kyr) kan gå i friluftsområda. Alle bygningar og anlegg skal utformast slik at beitedyr ikkje kjem til skade.

5.5.2 På hyttetomtene

Eksisterande vegetasjon skal ikkje fjernast utover det som er naudsynt for å få ført opp bygningane og opparbeida tilkomstveggar og parkeringsplassar. Det er ynskjeleg å behalde mest mogleg av den naturlege vegetasjonen. Det er kunn tillate å fjerne vegetasjon som er naudsynt for plassering av bygningar og anlegg av tilkomstveg og leidningar.

Det skal takast omsyn til eksisterande furutre. Anna trevegetasjon kan om naudsynt ryddast bort. Det skal ikkje plantast inn ny vegetasjon rundt hyttene. Unnatak er vegetasjon som vert planta inn for å reparere skader på terrenget. Det må då nyttast artar som naturleg veks i området.

Tomteeigarar har ansvar for å sette i stand og så til på tomtene etter kvart som ubygginga blir ferdig. Planutvalet kan pålegge reparasjon av uheldige tiltak og inngrep.

Ålesund, 08.01.07
for Nordplan AS

siv. ark. Oddhild Fausa
ing. Gudveig Fure Oksholen

FØRESEGNER

UTBYGGINGSPLAN FB6 OG FB7 HARPEFOSSEN

EID KOMMUNE

Føresegner datert 08.01.2007

Mindre endring av føresegner, datert 18.03.2014

Plankart , datert 08.01.2007

§1 GENERELT

- 1.1 Disse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet.
Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2 Føresegnene kjem i tillegg til det som vert bestemt i plan- og bygningslova med forskrifter, samt vedtekter til plan- og bygningslova vedtekne av kommunestyret i Eid.
- 1.3 Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det i planområdet ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.
- 1.4 Området er regulert til følgjande formål:

Byggeområder (pbl §25.1 nr. 1)

- Fritidsbustader/hytter

Friområder (pbl §25.1 nr. 4)

- Skiløype

Spesialområder (pbl §25.1 nr. 6)

- Friluftsområde (på land)
- Frisiktsone ved veg

Fellesområder (pbl §25.1 nr. 7)

- Felles avkøyrsløse/tilkomst
- Felles parkeringsplass
- Anna fellesareal for fleire eigedommar

§2 FELLES FØRESEGNER

2.1 Tekniske anlegg

Spillvatn skal ledast/pumpast til område avsett til VA-anlegg i tilstøytande plan for område FB2-5. Tilknyttinga til dette anlegget ligg i veg 1 og grensar inn til planen.

Det skal lagast ny vassstilførsel frå Kjenndalselva, evt. Kjenndalsvatnet, når vegen til Furuhogane blir bygd. Denne forsyninga skal koplust saman med vannledningane i FB2. Inntil denne løysinga vert bygd ut er vassforsyninga frå borehull.

Tekniske føringar skal hovudsakleg følgje veg for å unngå unødvendige inngrep.

Nye luftspenn i områda er ikkje tillate. Alle kablar skal førast fram i lukka grøft.

Felles område for avfall og kjeldesortering for område FB7 skal skje på fellesområde FG1 i tilstøytande plan for områda FB2-5.

2.2 **Utnytting**

Tillate grad av utnytting vert oppgjeven som utbygd areal i prosent av tomtearealet (%BYA). Prosent utbygd areal kan vere maks. 20% for både FB6 og FB7., men utbygd areal på hytta skal likevel ikkje overstige 140 m² for hytter i område FB7 og 175 M² for hytter i område FB6. Berekningsmåte er definert i "Veileder til grad av utnytting T1205".

2.3 **Støy**

Områda er ikkje vurdert med omsyn til støy.

2.4 **Byggjegranser**

Byggjegranser mot vegar er vist på plankartet. Der byggjegranser ikkje er vist, gjeld reglane i veglova og i plan- og bygningslova §70 om avstand frå veg, annan bygning og eigedomsgrense.

2.5 **Møne-/gesimshøgder**

Maks. tillate mønehøgde frå toppen av grunnmur er 6,0 m. Høgde på synleg grunnmur skal ikkje overstige 1,0 m. Terrenget rundt grunnmur skal i størst mogleg grad ha opphavleg terrengnivå og utforming, og skal ikkje planerast ut i større flater eller byggast opp.

2.6 **Parkeringsplassar**

Kvar utbygger skal på tomta tilrettelegge eit tilstrekkeleg tal parkeringsplassar, maks. to stk. I tillegg blir det i felt FB6 medrekna ca 0,5 gjesteparkeringsplass pr. tomt på felles parkeringsplassar. Felles parkeringsplass kan nyttast som vinterparkering.

2.7 **Gjerde**

Det er tillate å gjerde inn hyttene i ein avstand på inntil 6 m frå hytteveggen og i ytterkant av terrasse. Gjerde skal ikkje vere nærare tomtegrense enn 3 meter der tomta ikkje grensar til veg eller friområde. Dersom to hytter står så tett at ein ikkje får 6 meter mellom gjerda, kan to hytter gjerdast i lag dersom det er god plass på dei andre sidene av tomta.

Det skal nyttast plankegjerde eller tørrmur av naturstein. Maks. høgde er 1,0 m. Gjerdet skal ha utforming, materiale og fargebruk som harmonerer med den tilhøyrande hytta.

Det er tillate å gjerde inn hyttene med elektrisk gjerde i beitesesongen. Ved bruk av straumgjerde, er det berre tillate å nytte stolpar i tre. Trådgjerdet skal ha minimum fire trådar der nederste tråd går til jord. Trådgjerdet skal ha galvanisert streng/wire eller polyester tråd/tau. Farge på tråd, isolatorar og anna materiell skal vere naturfarga (ikkje kvit, oransje etc.). Stolpane skal stå så tett at det ikkje vert slakk på tråd, slik at dyr ikkje kan gå under tråden, det skal ikkje gjerdast inne meir enn naudsynt og

det skal alltid vere minst 6 m mellom gjerda. Det skal alltid vere straum på gjerdet. Tråd skal takast ned når beitesesongen er slutt.

Grunneigar/tiltakshavar er ansvarleg for at straumgjerdet vert halde i slik stand som føresegna krev. Dette inneber at det må førast jamleg tilsyn med straumgjerdet.

Det er også tillate å gjerde inn oppstillingsplass for bil/trafikkareal og eventuell grill- og uteplass på inntil 100 m².

2.8 Terrasser

Terrasser skal tilpassast bygga og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknytning til hytta skal ikkje byggast meir enn 2,5 m (brutto) utanfor vegglov. Bygging på pålar er ikkje tillate. Byggemateriale skal vere naturstein eller tre. Rekkverk maks. høgde 1,0m. Det skal ikkje vere opningar under trapper og terrasser av ei slik utforming at dyr kan gå seg fast.

2.9 Ubygd areal

Ubebygd del av tomtene skal så langt som mogleg oppretthaldast i naturleg karakter og ein skal i størst mogleg grad prøve å ta vare på naturleg vegetasjon. Nødvendige forstøtningsmurer i terreng skal utførast i naturstein. Tomteområda skal vere ryddig både i og etter byggjeperioden, slik at dyr ikkje kan gå seg fast.

2.10 Landskap og vegetasjon

Ein skal også i størst mogleg grad prøve å ta vare på eksisterande verdifull vegetasjon i planlegging av hyttene. Det er viktig for området sin heilskap at vegetasjonsgrunnlaget blir ivarettatt i område som ikkje blir nytta til bygging eller vegar.

2.11 Byggjemelding/ byggesøknad

Kommunen skal ved handsaming av byggjemeldingar/søknader sjå til at hyttene får ei god form, og at bygningar i same gruppe får ei harmonisk utforming. I samband med planlegging av hyttetun skal det leverast ein samla plan for kvart område. Utvendige fargar, inkludert takfarge og materialbruk, som klednings- og tekkingsmaterialar, skal godkjennast av kommunen og skal vere oppgitt i byggesøknaden.

Det må ikkje nyttast utvendig kledning, faste bygningselement eller taktekking som i material- og fargebruk verkar dominerande (t.d. signalfargar) eller skjemma for omgjevningen.

I samband med søknaden skal det leverast ein situasjonsplan i 1:500 som viser:

- Avkøyrsløp frå veg
- Plassering av alle bygningar, også framtidige bygg
- Ev. forstøtningsmurar, gjerder og liknande.
- Areal til biloppstillingsplassar, maks. to stk.
- Dekketype på vegar og plassar, samt handtering av overflatevatn skal vere skildra
- Korleis den delen av tomte som ikkje skal byggast ut skal nyttast

I tillegg skal det leverast terrengprofil i målestokk 1:200 som viser:

- Terrengprofil før bygging
- Terrengprofil etter bygging med planlagde bygg innteikna

2.12 Andre anlegg

Det er ikkje tillate med flaggstang. Det er ikkje tillate med parabolantenne eller andre tekniske anlegg som kjem over mønet.

2.13 Boder/uthus

Frittstående boder/uthus kan ikkje vere større enn 10 m².

§3 BYGGJEOMRÅDER

3.1 Fritidsbusetnad - hytteområde

Område **FB6-1 - FB6-13** og **FB7-1 - FB7-7** er sett av til hytter og kan seljast som eigedomstomter.

Hyttene skal tilknyttast straum-, vatn- og avløpsanlegg.

Hyttene skal ha saltak med takvinkel på 25 - 35 grader, eller pulttak dersom det blir nytta terrengtilpassa, avtrappa bygningar. Bygningane skal ha møne i hyttene si lengderetning og ha gode proporsjoner.

Materialbruk skal vere bordkledning av tre og grunnmur av gråstein, ev. forblending med naturstein. Hyttene skal beisast eller malast i avdempa naturlike fargar, eller det kan nyttast ubehandla treverk som grånar naturleg. Hyttene kan ha torv, skifer eller tretak. Den enkelte hytta skal vere tilpassa tomta ho står på.

Inngrepa kring hytta skal haldast på eit minimalt nivå. Naturleg botnvegetasjon skal takast vare på så langt som råd. Kvar hytte kan ha ein etasjehøgde. Det kan innreist hems oppunder taket. Det er tillate med vinkelbygg. Det kan førast opp ein påbygd 2.etasje i form av oppstove med eit måleverdig areal på inntil 40% av bruksareal (BRA) i 1.etasje.

For hyttene i felt FB6 er maks bebygd areal 175 m², medan det i felt FB7 er maks bebygd areal 140 m².

I samband med utbygging av ei hyttetomt skal det leggjast fram ein situasjonsplan som viser utbygging på tomta, samt avkjørsle frå tilkomstveg og eventuell parkeringsplass.

Plassering av hytte på utbyggingsplan er ikkje bindande men berre for illustrasjon.

§4 FRIOMRÅDER

4.1 Skiløype

Områder regulert til skiløype er merka S i planen. Områda skal nyttast til ski-/turløype. Gjerder eller andre hindringar for allmenn ferdsel er ikkje tillate.

Delar av området er eksisterande trasé for ski-/turløype. Planlagde trasear skal knytast saman med det eksisterande ski- og turløypenettet som kjem inn i området. Traseen er regulert med ei breidde på 6,0 m.

Vegetasjonsbuffer på min. 5,0 m skal oppretthaldast på kvar side gjennom planområdet.

§5 SPESIALOMRÅDER

5.1 Friluftsområde (på land)

Område regulert til Spesialområde - friluftsområde er merka SpF i planen. Områda er grøntbelter innanfor planområdet og buffersoner i samanheng med ski-/turløypetraseen. Buffersona er regulert med min. 5,0 m breidde og skal oppretthaldast på kvar side gjennom planområdet.

Det er høve til å ta ut skog frå friluftsområda i samråd med grunneigar og hyttegrennd, men det skal ikkje drivast snauhogst. Skogsdrift skal skje i samråd med kommunen.

Steingarden i område FB7 skal ein forsøke å behalde som eit landskapselement der det er mogleg.

I friluftsområda vert det ikkje lov å sette i verk tiltak til ulempe for fri ferdsel. Det er ikkje lovleg å føre opp bygg eller anlegg i områda.

Det er høve til å sleppe beitedyr (sau/kyr) inn på friluftsområda.

Der det ikkje let seg gjere å føre vatn og kloakk i veg, kan ein vurdere å legge leidningane i friluftsområda. Tiltaka må synleggjerast på plan som skal godkjennast av kommunen før oppstart. Eventuelle leidningar skal ikkje ligge synleg. Leidningstraseen skal tilstellast og tilretteleggast for ferdsel etter at grøftearbeidet er avslutta.

5.2 Frisiktsone

I området mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgd på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane. Frisiktsona er dimensjonert ut frå avkjørsel på A2 veg, med fart 30 km/t.

Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

§6 FELLESONRÅDER

6.1 Felles parkering

Område FP1-FP5 er avsett til felles parkeringsplass. Grøfter, skjeringar og fyllingar i tilknytning til parkeringsplassen skal opparbeidast samtidig med parkeringsplassen.

Felles parkeringsplassar, merka FP på plankartet for hytteområda er for gjesteparkering.

Det er forutsett vinterbrøyting av FP-områda.

FP1	skal vere felles for	tomtene langs veg 1 i FB6 og eigarar av skitrekket
FP2	skal vere felles for	tomt nr 7 til og med nr 14
FP3	skal vere felles for	tomt nr 15, nr 16 og nr 20 til og med nr 29
FP4	skal vere felles for	tomt nr 30 til og med tomt nr 39 og tomt nr 59 til og med tomt nr 62
FP5	skal vere felles for	tomt nr 40 til og med nr 58

Rett til å nytte felles parkeringsplass må sikrast i eigne avtalar.

6.2 Felles avkøyrslé/tilkomst

Alle vegane i planen er regulert til felles avkøyrslé/tilkomst. Dette formålet omfattar også areal som naturleg høyrer til vegane, som grøft, skjering og fylling. Slike areal skal jordslåast og tilstellast i samband med veganlegget og stadeigen vegetasjon skal i størst mogleg grad tilbakeførast der det er gjort inngrep i samband med vegbygginga.

Veg 1 er felles for hyttene i felt FB6-1 til FB6-13, tomt 63-68 i FB7 og brukarar av skitrekket. Veg 2 og 3 er felles for hyttene i felt FB7-1 til FB7-7. Stikkvegane er felles for tomtene som grensar inn mot vegane.

Det er ikkje tillate med andre anlegg eller innretningar enn dei som er nødvendig for drift og vedlikehald av vegen. Det er forutsett at vegane blir brøyta om vinteren.

6.3 Anna fellesareal for fleire eigedommar

Området F er satt av til fellesareal for hyttene i område FB6 og kan nyttast til felles opplegg for avfall og kjeldesortering.

Ferdigmelding

Kommunens saksnr.
357/09Side
1 av 1

Gjelder						
Eiendom/ byggested	Gnr. 20	Bnr. 116	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.
Adresse Harpefossen Hyttegrend			Postnr. 6770		Poststed NØRDFJORDEID kommune	

Det anmodes om		Dato:
<input type="checkbox"/> MIDLERTIDIG BRUKSTILLATELSE (søknadspliktig arbeid)		26 JAN. 2011
<input checked="" type="checkbox"/> FERDIGATTEST (søknadspliktig arbeid)		Arkivkode: 20/116
<input type="checkbox"/> ARBEIDET ER FERDIG I SAMSVAR MED MELDING (meldingspliktig arbeid)		Sak.nr.: 09/1448-7
		L.nr.: 11/781
		Saksh. AMB

Hva anmodes det om midlertidig brukstillatelse for?		
<input type="checkbox"/> Hele tiltaket	Planlagt dato for anmodning om ferdigattest: <input type="text"/>	
<input type="checkbox"/> Deler av tiltaket		
Beskriv hvilken del av tiltaket det anmodes om midlertidig brukstillatelse for		
Gjenstående arbeider		
Angi gjenstående arbeider og planlagt framdrift på disse, dersom tiltaket ønskes oppdelt i flere brukstillatelser	Planlagt dato for anmodning om midlertidig brukstillatelse	Dato for tidligere gitt midlertidig brukstillatelse
Planlagt dato for anmodning om ferdigattest: <input type="text"/>		

Energiforsyning		Energikilde		Ikke relevant
Oppvarming				
<input checked="" type="checkbox"/> Elektrisk (panelovner, varmekabler o.l.)		<input checked="" type="checkbox"/> Elektrisitet	<input type="checkbox"/> Varmepumpe	
<input type="checkbox"/> Sentralvarmeanlegg (vannbåren gulvvarme, radiatorer o.l.)		<input type="checkbox"/> Olje, parafin eller annen flytende brensel	<input type="checkbox"/> Gass	
<input checked="" type="checkbox"/> Annen type oppvarming (vedovn, kamin o.l.)		<input checked="" type="checkbox"/> Biobrensel (ved, fliser o.l.)	<input type="checkbox"/> Fjernvarme	
		<input type="checkbox"/> Solenergi	<input type="checkbox"/> Annen	

Vedlegg (gjelder kun søknad)			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Kart og situasjonsplan, hvis endringer i forhold til tillatelsen	D	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Redegjørelser og tegninger, hvis endringer i forhold til tillatelsen	E	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Kontrollerklæringer	G	1 - 3	<input type="checkbox"/>
Bekreftelser fra andre offentlige myndigheter	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>

Underskrift	
Ansvarlig søker for tiltaket/Tiltakshaver	
Foretak/Tiltakshaver Hulebyggaren AS	
Dato 21.01.2011	Underskrift 
Gjentas med blokkbokstaver KARL I. JØRGENSEN	

Kontrollerklæring

Det fylles ut en kontrollerklæring for hvert ansvarlig kontrollerende foretak

Til kommune

Eid kommune

Postboks 98

6771 NORDFJORDEID

Kontrollerklæring for PROSJEKTERING sendes inn som et vedlegg til søknad i ett trinn og ved søknad om igangsettingstillatelse

Kontrollerklæring for UTFØRELSE sendes inn som et vedlegg til anmodning om midlertidig brukstillatelse eller ferdigattest

Erklæringen gjelder						
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.
	20	116				
Adresse				Postnr.	Poststed	
Harpefossen Hyttegrend				6770	NORDFJORDEID	

Foretak						
Foretak					Organisasjonsn	
Rørlegger Arne Steen Bjørlo					970280359	
Adresse				Postnr.	Poststed	
Høgebakkane 12				6770	NORDFJORDEID	
Telefon	Telefaks	Kontaktperson			Mobiltelefon	
57 86 08 75		Arne Steen Bjørlo			901 53 750	

Ansvarlig kontrollerendes ansvarsområder knyttet til tiltaket
Kontroll av utføring av rørleggerarbeid/sanitærinstallasjoner

Bekreftelser			
Det bekreftes at kontrollen er utført i henhold til søknad om ansvarsrett og kontrollplan	av dato	17.07.2009	og kontrollplan for viktige og kritiske områder
			av dato

Det bekreftes at det foreligger kontrolldokumenter.

Angi hvilke kontrolldokumenter som foreligger

Teikningar/montasjeanvisningar og signert sjekklister

Ansvarlig kontrollerende for prosjektering

Fagområdet er ferdig prosjektert for igangsettingstillatelse (omfatter også ett-trinns søknadsbehandling)

Ansvarlig kontrollerende for utførelse


Sluttkontrollen har ikke avdekket vesentlige feil og mangler som hindrer midlertidig brukstillatelse

Følgende mangler av mindre vesentlig betydning gjenstår

Sluttkontrollen har ikke avdekket feil og mangler som hindrer ferdigattest

Erklæring og underskrift

Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i plan- og bygningsloven kap. XVIII og XIX, og at det kan medføre reaksjoner dersom vi har gitt uriktige opplysninger.

Dato	Foretakets underskrift	Gjentas med blokkbokstaver
21.01.2011		ARNE STEEN BJØRLO

Kontrollerklæring

Det fylles ut en kontrollerklæring for hvert ansvarlig kontrollerende foretak

Til kommune

Eid kommune

Postboks 98

6771 NORDFJORDEID

Kontrollerklæring for PROSJEKTERING sendes inn som et vedlegg til søknad i ett trinn og ved søknad om igangsettingstillatelse

Kontrollerklæring for UTFØRELSE sendes inn som et vedlegg til anmodning om midlertidig brukstillatelse eller ferdigattest

Erklæringen gjelder

Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.
	20	116				
Adresse				Postnr.	Poststed	
Harpefossen Hyttegrend				6770	NORDFJORDEID	

Foretak

Foretak			Organisasjonsnr.		
Maskinetr. Inge Jan Dalset			920001513		
Adresse		Postnr.	Poststed		
Malakoff 2		6770	NORDFJORDEID		
Telefon	Telefaks	Kontaktperson		Mobiltelefon	
57 86 09 45	57 86 20 78	Inge Jan Dalset		917 63 299	

Ansvarlig kontrollerendes ansvarsområder knyttet til tiltaket

Kontroll av utføring av grunn- og terrengarbeider

Bekreftelser

Det bekreftes at kontrollen er utført i henhold til søknad om ansvarsrett og kontrollplan av dato 28.09.2009 og kontrollplan for viktige og kritiske områder av dato

Det bekreftes at det foreligger kontrolldokumenter.

Angi hvilke kontrolldokumenter som foreligger

Situasjonskart/målebrev og signert sjekklister

Ansvarlig kontrollerende for prosjektering

Fagområdet er ferdig prosjektert for igangsettingstillatelse (omfatter også ett-trinns søknadsbehandling)

Ansvarlig kontrollerende for utførelse


Sluttkontrollen har ikke avdekket vesentlige feil og mangler som hindrer midlertidig brukstillatelse

Følgende mangler av mindre vesentlig betydning gjenstår

Sluttkontrollen har ikke avdekket feil og mangler som hindrer ferdigattest

Erklæring og underskrift

Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i plan- og bygningsloven kap. XVIII og XIX, og at det kan medføre reaksjoner dersom vi har gitt uriktige opplysninger.

Dato	Foretakets underskrift	Gjentas med blokkbokstaver
21.01.2011		INGE JAN DALSET

Kontrollerklæring

Det fylles ut en kontrollerklæring for hvert ansvarlig kontrollerende foretak

Til kommune

Eid kommune

Postboks 98

6771 NORDFJORDEID

Kontrollerklæring for PROSJEKTERING sendes inn som et vedlegg til søknad i ett trinn og ved søknad om igangsettingstillatelse

Kontrollerklæring for UTFØRELSE sendes inn som et vedlegg til anmodning om midlertidig brukstillatelse eller ferdigattest

Erklæringen gjelder

Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.
	20	116				
	Adresse			Postnr.	Poststed	
	Harpefossen Hyttegrend			6770	NORDFJORDEID	

Foretak

Foretak			Organisasjonsnr.		
Jon Balsnes			973194488 MVA		
Adresse		Postnr.	Poststed		
Haugen		6770	NORDFJORDEID		
Telefon	Telefaks	Kontaktperson		Mobiltelefon	
57 86 21 51	_____	Jon Balsnes		908 28 623	

Ansvarlig kontrollerendes ansvarsområder knyttet til tiltaket

Kontroll av mur og tømrerarbeid

Bekreftelser

Det bekreftes at kontrollen er utført i henhold til søknad om ansvarsrett og kontrollplan av dato 17.07.2009 og kontrollplan for viktige og kritiske områder av dato

Det bekreftes at det foreligger kontrolldokumenter.

Angi hvilke kontrolldokumenter som foreligger

Teikningar og detaljar, signert sjekklister

Ansvarlig kontrollerende for prosjektering

Fagområdet er ferdig prosjektert for igangsettingstillatelse (omfatter også ett-trinns søknadsbehandling)

Ansvarlig kontrollerende for utførelse


Sluttkontrollen har ikke avdekket vesentlige feil og mangler som hindrer midlertidig brukstillatelse

Følgende mangler av mindre vesentlig betydning gjenstår

Sluttkontrollen har ikke avdekket feil og mangler som hindrer ferdigattest

Erklæring og underskrift

Foretaket er kjent med reglene om straff og sanksjoner i plan- og bygningsloven kap. XVIII og XIX, og at det kan medføre reaksjoner dersom vi har gitt uriktige opplysninger.

Dato	Foretakets underskrift	Gjentas med blokkbokstaver
21.01.2011		JON BALSNES



EID KOMMUNE
PLAN- OG UTVIKLINGSAVDELINGA

Hulebyggaren AS
Postboks 286
6771 NORDFJORDEID

Vår ref.
09/1448-9/GBNR-20/116, K2-L4//AMB

Dykkar ref.

Dato:
31.01.2011

MELDING OM VEDTAK - FERDIGATTEST - FRITIDSBUSTAD

Det er gjort følgjande vedtak i saka:

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 99 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gnr. 20 bnr. 116 i Eid kommune.

Vedtaket kan påklagast, jf Lov om behandlingmåten i forvaltningen av 10. februar 1967 (forvaltningslova) kapittel VI. Fristen for å klage er 3 veker frå det tidspunkt melding om vedtaket er kome fram til vedkomande part, jf forvaltningslova § 29.

Viser elles til vedlagde saksutgreiing

Med helsing

Ann Mari Bjørlo

Rådgivevar

E-post: abj@eid.kommune.no

Tlf: 57 88 58 05

Kopi til:

Nordfjord likningskontor
Ottar Kaldhol

Postboks 121
Ulsteinvik

6771
6067

NORDFJORDEID
ULSTEINVIK



EID KOMMUNE

Møtebok – Adm.vedtak

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Administrativt vedtak v/plan- og utviklingssjefen	31.01.2011	028/11	GFB

Saksbeh: .: Ann Mari Bjørlo	Arkiv: GBNR-20/116, K2-L4 L4 Objekt:	Arkivsaknr 09/1448 -8
------------------------------------	-------------------------------------------------------	---------------------------------

FERDIGATTEST - FRITIDSBUSTAD - OTTAR KALDHOL

Saksdokument:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	16.07.2009	Hulebyggaren AS	Søknad
2	U	10.08.2009	Hulebyggaren AS	Foreløpig svar
4	U	23.09.2009	Hulebyggaren AS	Melding om vedtak - Dispensasjon
6	U	02.10.2009	Hulebyggaren AS	Melding om vedtak - Løyve
7	I	21.01.2011	Hulebyggaren AS	Ferdigmelding

Saksopplysningar:

Viser til ferdigmelding motteken: 26.01.2011

Eigedom: Gnr. 20 bnr. 116
Tiltakshavar: Ottar Kaldhol
Ansvarleg søkjar: Hulebyggaren AS

Ferdigmeldinga er handsama etter Plan- og bygningslova av 14. juni 1985 nr. 77 (pbl.) § 99.

Vurdering:

Det er søkt om ferdigattest for fritidsbustad i Harpefossen Hyttegrend i Eid kommune.

Det er motteke kontrollerklæringar frå ansvarshavande i saka. Ansvarleg utførande og kontrollerande har stadfesta at sluttkontrollen er utført, og at denne ikkje har avdekkja feil og manglar som hindrar ferdigattest.

Med tilvisning til denne stadfestinga legg Eid kommune til grunn at tiltaket er utført i samsvar med løyvet og gjeldande bestemmingar, jf pbl. § 99 nr. 1 tredje ledd.

Merknader:

- Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for. Bruksendring krev særskilt løyve, jf pbl. § 93.
- Eigjar av tiltaket skal i samsvar med pbl. § 89 sjå til at tiltaket vert halde i slik stand at fare ikkje oppstår for person eller eigedom, og at dette ikkje verkar skjemmande i seg sjølv eller i høve omgjevnadene.
- Ein ferdigattest som er gjeve på uriktig grunnlag kan trekkjast attende, jf lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 kapittel VI.
- Forholdet mellom bygningsstyresmaktene og dei ansvarlege opphøyrar ved utferding av ferdigattest. Etter dette tidspunkt vert pålegg etter pbl. § 113 retta mot tiltakshavar. Ansvarlege ber likevel ansvaret for feil som er gjort innan ferdigattesten vert gjeve.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 99 vert det gjeve ferdigattest for fritidsbustad på gnr. 20 bnr. 116 i Eid kommune.

Ørjan Raknes Forthun
Rådmann

Gerd Fløde Bjørlo
Plan- og utviklingssjef

FERDIGATTEST

etter plan- og bygningslova av 14. juni 1985 § 99 nr 1

Ansvarleg søkjar:
Hulebyggaren AS

Tiltakshavar:
Ottar Kaldhol

Byggestad:	Gnr:	Bnr:	Festnr:	Seksjonsnr:
Harpefossen Hyttegrend	20	116		

Dykkar søknad:	Dato: 23.07.2009	Arkivsak: 09/1448
----------------	------------------	-------------------

Kva slag arbeid:	Nybygg
------------------	--------

Kva slag bygg:	Fritidsbustad
----------------	---------------

Kontrollansvarleg:	Hulebyggaren AS, Inge Jan Dalset, Jon Balsnes, Rørleggar Arne Steen Bjørlo
--------------------	----------------------------------------------------------------------------

Behandling/ vedtak av løyve:	Plan- og utviklingsavdelinga etter gjeva fullmakt	vedtak dato: 23.09.2009	Lnr: 357/09
------------------------------	---------------------------------------------------	-------------------------	-------------

Behandling/ vedtak av ferdigattest:	Plan- og utviklingsavdelinga etter gjeva fullmakt	vedtak dato: 31.01.2011	Lnr: 028/11
-------------------------------------	---------------------------------------------------	-------------------------	-------------

Kontrollansvarlege har sett til at sluttkontroll og avsluttande gjennomføring av kontrolldokumentasjon for det ferdige tiltaket er gjennomført. Gjennom dette har kontrollansvarlege stadfesta at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, slik vilkåra er sett for løyve i, eller i medhald av plan- og bygningslova. Dette har kommunen lagt til grunn for vedtak om ferdigattest. Følgjande merknader er knytt til ferdigattesten:

- Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for. Bruksendring krev særskilt løyve, jf pbl. § 93.
- Eigar av tiltaket skal i samsvar med pbl. § 89 sjå til at tiltaket vert halde i slik stand at fare ikkje oppstår for person eller eigedom, og at dette ikkje verkar skjemmande i seg sjølv eller i høve omgjevnadene.
- Ein ferdigattest som er gjeve på uriktig grunnlag kan trekkjast attende, jf lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker av 10. februar 1967 kapittel VI.
- Forholdet mellom bygningsstyresmaktene og dei ansvarlege opphøyrar ved utferding av ferdigattest. Etter dette tidspunkt vert pålegg etter pbl. § 113 retta mot tiltakshavar. Ansvarlege ber likevel ansvaret for feil som er gjort innan ferdigattesten vert gjeve.

Underskrift:

Stad: | Dato | Sign. / stempel

Nordfjordeid

31.01.2011



EID KOMMUNE
Plan- og utviklingsavdelinga

Ottar Kaldhol


Eiendomsgrenser

- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|
| — Nøyaktig måling 3-11 cm | - - Omtvistet grense |
| — Middels nøyaktig 12-31 cm | — Vannkant |
| — Mindre nøyaktig 32-100 cm | - - Vegkant |
| — Lite nøyaktig 101-600 cm | - - - - Fiktiv grenselinje |
| — Skissenøyaktighet 601-5000 cm | - - - - Teigdelelinje |
| - - - - Uavklart grense over 5001-30000 cm | - - - - Punktfeste |










Eiendomsgrenser

- | | |
|-------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------------|
| — Nøyaktig måling 3-11 cm | - - Omtvistet grense |
| — Middels nøyaktig 12-31 cm | — Vannkant |
| — Mindre nøyaktig 32-100 cm | - - Vegkant |
| — Lite nøyaktig 101-600 cm | - - - - Fiktiv grenselinje |
| — Skissenøyaktighet 601-5000 cm | - - - - Teigdelelinje |
| - - - - Uavklart grense over 5001-30000 cm | - - - - Punktfeste |













0 25 50 m

Tegnforklaring







-  Adressepunkt
-  Kulturminne - punkt
-  Naturvernområde - punkt
-  Kulturminne - flate
-  Naturvernområde - flate
-  Bygningslinjer
-  Tiltaklinje

Eiendomsgrenser









-  Middels - høy nøyaktighet, 3-30 cm
-  Mindre nøyaktig, 31-199 cm
-  Lite nøyaktig, 200-499 cm
-  Skissenøyaktighet eller uviss, 500-9999 cm

-  Stolpe
-  Anlegg
-  Veglinje
-  Sti
-  Traktorveg
-  Bekk/kanal/grøft

Høydekurver

-  Metersnivå
-  5-metersnivå
-  25-metersnivå
-  Forsenkning terreng
-  Hjelpekurve
-  Dybdekurve

-  Valgt eiendom
-  Bolig, uthus, landbruk
-  Fritids-/sesongbosted
-  Bygning, annen kjent type
-  Bygning uten matrikkelinformasjon
-  Parkeringsområde
-  VegGåendeOgSyklende
-  Trafikkøy
-  VegKjørende

-  Vassflater
-  Bre
-  AndreTiltak
-  BygningTiltak, endring
-  BygningTiltak, nybygg
-  BygningTiltak, riving
-  SamferdselTiltak
-  Andre tiltakstyper/ spesifiseringer

Søknad om tillatelse til tiltak etter plan- og bygningsloven § 93		Eid kommune		Vedtaksdato (fylles ut av kommunen)		Kommunens saksnr.	
<input type="checkbox"/> Enkle tiltak <input checked="" type="checkbox"/> Ett-trinns søknadsbehandling <input type="checkbox"/> Rammetillatelse		Dato: 23 JULI 2009 Sakskode: 20/116 Sak nr.: 09/1448-1 L.nr.: 09/7454 Saksh: AMB		(Søknad med vedlegg fylles ut og leveres i 1 eksemplar, ev. ekstra sett etter avtale med kommunen) Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 Nordfjordeid			
Søknad om ansvarsrett for ansvarlig søker Foreligger sentral godkjenning				Berører tiltaket eksisterende eller fremtidige arbeidsplasser? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei Hvis ja, skal søknad NBR nr. 5177 med vedlegg sendes til Arbeidstilsynet.			
		<input type="checkbox"/> Ja		<input checked="" type="checkbox"/> Nei			

Søknaden gjelder								
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.		
	20	116						
Adresse	Harpefossen Hyttegrend				Postnr.	Poststed		
					6770	NORDFJORDEID		
Tiltakets art pbl § 93 (flere kryss mulig)	Nye bygg og anlegg	<input checked="" type="checkbox"/> Frittliggende	<input type="checkbox"/> Tilbygg, påbygg, underbygg	<input type="checkbox"/> Parkeringsplass	<input type="checkbox"/> Anlegg	<input type="checkbox"/> Veg	<input type="checkbox"/> Vesentlige terrenginngrep	
	Endring av bygg	<input type="checkbox"/> Konstruksjon	<input type="checkbox"/> Fasade	<input type="checkbox"/> Endring av bruk	<input type="checkbox"/> Vesentlig endring av tidligere drift	<input type="checkbox"/> Reparasjon		
	Riving	<input type="checkbox"/> Hele bygg	<input type="checkbox"/> Deler av bygg	<input type="checkbox"/> Anlegg				
	Bygn.tekn.install *)	<input type="checkbox"/> Nyanlegg	<input type="checkbox"/> Endring	<input type="checkbox"/> Reparasjon				
	Endr. av bolighen.	<input type="checkbox"/> Oppdeling	<input type="checkbox"/> Sammenføyning					
	Innhegning, skilt	<input type="checkbox"/> Innhegning mot veg	<input type="checkbox"/> Reklame, skilt, innretning e.l.					
	Eiendomsdeling **)	<input type="checkbox"/> Deling	<input type="checkbox"/> Bortfeste	<input type="checkbox"/> Sammenføyning				
	Annet	-beskriv						
	*) Gjelder kun når installasjonen ikke er en del av et større tiltak.				**) Unntatt fra krav om ansvarsrett. Kart- og delingsforretning behandles etter delingsloven. Hjemmelsinnehaver underskriver som tiltakshaver.			

Ansvar og kontroll
Ansvarlig søker bekrefter at hele tiltaket belegges med ansvar, og at de enkelte foretakssystemer for kontroll dekker kravene i henhold til plan- og bygningsloven.

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra - til	Ikke relevant
Opplysninger om tiltakets ytre rammer og bygningsspesifikasjon	A	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Dispensasjonssøknader	B	/ - /	<input checked="" type="checkbox"/>
Gjenpart av nabovarsel, naboprotester, merknader til naboprotester	C	1 - 2	<input type="checkbox"/>
Kart, situasjonsplan, rekvisisjon av kart- og delingsforretning	D	1 - 1	<input type="checkbox"/>
Redegjørelser og tegninger	E	1 - 6	<input type="checkbox"/>
Søknader om ansvarsrett og kontrollplan, godkjenningsbevis, søknad om lokal godkjenning	F	1 - 6	<input type="checkbox"/>
Kontrollplan for viktige og kritiske områder, kontrollerklæringer	G	1 - 2	<input type="checkbox"/>
Boligspesifikasjon i GAB	H	-	<input type="checkbox"/>
Uttalelser fra andre offentlige myndigheter	I	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	J	/ - /	<input type="checkbox"/>

Underskrifter			
Ansvarlig søker (SØK) for tiltaket		Tiltakshaver	
Foretak	Organisasjonsnr.	Navn	Organisasjonsnr.
HULEBYGGAREN AS	970902503	Ottar Kaldhol	
Adresse		Adresse	
Postboks 286		Ulsteinvik	
Postnr.	Poststed	Postnr.	Poststed
6771	NORDFJORDEID	6067	ULSTEINVIK
Kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	
Karl I. Jørgensen	57860788	41652858	
E-postadresse	Telefaks	E-postadresse	Telefon (dagtid)
karl@hulebyggaren.no	57861001	otka@flt.no	70010943
Dato	Underskrift - gjentas med blokkbokstaver	Dato	Underskrift - gjentas med blokkbokstaver
2.2.4 Krav om gjenbruk av matjord [revisjon 15.02.2024] – Område B06, B07, B08, B27, B65

Det er krav om gjenbruk av matjord og erstatningsareal ved detaljregulering som omdisponerer dyrka mark, i samsvar med rettleiar om jordflytting i Stad kommune.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 6.

2.2.5 Område B06 Ryssta [revisjon 15.02.2024]

Før detaljregulering kan vedtakast må det gjerast faglege vurderingar av støyforhold ved bygging innanfor støysoner langs Rv 15. Sjå også krav i pkt. 2.2.1, 2.2.2 og 2.2.4.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.6 Område B65 og B07 Skulehusbakken [revisjon 15.02.2024]

Støysone langs Rv 15 må avklarast med byggegrense, eller nærare fagrapport. Sjå også krav i pkt. 2.2.1, 2.2.2, 2.2.3 og 2.2.4.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.7 Område B25 Øvre Lid [revisjon 15.02.2024]

Utfordringar knytt til tilkomst og skuleveg, skal vurderast nøyare ved ev. utbygging av området. Seinast ved byggesøknad skal det vere dokumentert korleis terreng og avkøyring vert opparbeidd. For søknadspliktige tiltak innanfor B25 skal kulturminneregistrering vere gjennomført seinast ved byggesakshandsaming.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.2.8 Område B27 Åsen [revisjon 15.02.2024]

Tilkomsten til skogsområda vest for B27 skal sikrast, eventuelt oppgraderast skånsomt. Sjå også krav i pkt. 2.2.1, 2.2.2, 2.2.3 og 2.2.4.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 6.

2.3 Område for fritidsbustader

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire fritidsbustadar utløyse krav om reguleringsplan.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen skal fritidsbustadar ha eit maksimalt BYA på 120 m² medrekna inntil to frittliggjande uthus.

Altanar skal tilpassast bygga, og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknytning til hytta skal ikkje byggjast meir enn 2,5 meter (brutto) utanfor veggdiv. Bygging på pålar er ikkje tillate. Takvinkelen skal ligge mellom 25 og 35 grader. Maksimal mønehøgde er 6 meter.

Bygningane skal behandlast med nøytral jordfarge. Tomtestorleik for frådeling til fritidsbustad bør ikkje overskride 1 daa.

Tiltak på fritidsbustadeigedomen skal tilpassast kringliggjande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til fritidsbustadens naturlege omgjevnad og plassering.

I område for LNF-spreidd fritid, gjeld eigne føresegner.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.3.1 Rekkefølgjekrav:

Område BA05, BA06 og BA07 – Hjelmelandsdalen:

Utbygging skal planleggast trinnvis og fyrst i tilknytning til eksisterande byggeområde.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 4.

2.4 Offentleg og privat tenesteyting

Følgjande område skal vere til offentleg tenesteyting:

BOP02 – Norsmona – Offentleg tenesteyting. Reinseanlegg for drikkevatt. Vidareført frå førre planperiode.

Heimel: Pbl. § 11-10 nr.3.

2.5 Råstoffutvinning

Føremålet omfattar område for masseuttak og steinbrot.

Etablering av nye eller utviding av eksisterande masseuttak og/eller steinbrot krev reguleringsplan.

Uttak av mineralske råstoff til eige bruk i LNF-område krev som hovudregel ikkje reguleringsplan. Men det kan bli stilt krav om reguleringsplan.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.5.1 Område BRU05 og BRU06

Dei naturfaglege verdiane i området skal kartleggast og vurderast nærare i samband med reguleringsplan. Kartlegging og vurdering skal utførast av personar med rett fagekspertise.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr.8.

2.6 Næringsområde

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen vert maksimal BYA sett til 50 %. Maksimal mønehøgde er 9 meter.

Næringsareal/verksemder skal plasserast og utformast slik at dei etter kommunen si vurdering ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller allmenne interesser.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.6.1 Område BN24 Haugen næringsområde [revisjon 15.02.2024]

Før det vert gjeve igangsetjingsløyve for nye tiltak skal kryssområde med rv. 15 vere opparbeidd eller sikra opparbeidd i tråd med N100. Unntak for kravet er tiltak på eksisterande eigedomar som ikkje gir trafikkauke, samt gjenreising av bygning etter naturskade eller brann.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

2.7 Idrettsanlegg

Fastlagde ridestiar og løyper etablert i samsvar med fastlagt trase i arealplanen under arealføremålet idrettsanlegg krev ikkje reguleringsplan.

Ved prosjektering og etablering av ridesti og turløyper, skal ein ta omsyn til dei bygde og naturlege omgjevnadane, naturmangfaldet og prinsippa om universell utforming.

Heimel: Pbl. § 11-10.

2.7.1 Skytebaner og skyteområde

Etablering av nye skytebaner/skyteområde eller utviding av eksisterande skytebaner/skyteområder krev reguleringsplan.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 1.

2.8 Andre typar nærare angjevne område for bygg og anlegg

Føremålet omfattar naust og sjøhus med tilhøyrande anlegg som molo og småbåtanlegg, sjøhus for overnatting, og energianlegg.

2.8.1 Naust

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire naust utløyse krav om reguleringsplan.

Dersom ikkje anna er sagt i reguleringsplan som gjeld framfor kommuneplanen, skal naust oppførast i ein etasje med ein maks storleik på 40 m². Gavlvegg skal som hovudregel vende mot sjø og ha båtport. Som båtport vert skyveport eller delt hengsla port tillate.

Naustet skal ligge slik til i terrenget at det er naturleg å etablere båtstø eller lundbru til porten.

Nye naust skal plasserast i naturleg samanheng med eksisterande naust, helst på rekkje. Lokalisering som medfører vesentlege landskapsinngrep eller som er i konflikt med strekningar med særskilt natur- eller friluftsverdi vert ikkje tillate.

Nye naust kan oppførast i inntil 1 etasje og maks mønehøgde 6,0 meter frå lågaste golvnivå eller frå normalt høgvatn. Maksimalt bruksareal per naust er BRA = 40 m². For nye naust i område med eksisterande naust og sjøbuer skal byggjehøgde og bruksareal tilpassast eksisterande miljø. Det skal nyttast saltak med 35 – 45 grader takvinkel. Takutstikk skal ikkje overstige 0,5 meter, og altan, balkong, terrasse, utkraging eller andre privatiserande bygningsdelar er ikkje tillate.

Nausta skal ha tradisjonell utforming, og material- og fargebruk skal vere tilpassa omkringliggjande bygningar. Det skal leggast særleg vekt på tilpassing der omkringliggjande bygningar er SEFRAK-registrerte. Der fleire naust skal førast opp side om side, må kvar av dei få si individuelle utforming slik tradisjonen er.

Ved etablering av nye naust i område med vegtilkomst, skal det så langt som råd etablerast ein parkeringsplass på nausttomta.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.8.2 Sjøhus

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire sjøhus utløyse krav om reguleringsplan.

Sjøhus er hytte ved sjøen, med særskilt krav til utforming. Første etasje skal ha naustfunksjon, og tene til oppbevaring av båt, fiskeutstyr og anna utstyr knytt til sjøaktivitet.

Der det ligg til rette for det, kan det kan leggst inn straum, vatn- og avløpsanlegg i sjøhusa. Det er ein fordel om slike anlegg vert utført som fellesanlegg for fleire eigedomar.

Sjøhusa kan ha gesimshøgde inntil 4 meter og mønehøgde inntil 6,5 meter, grunnflate ikkje over 60 m². Taket skal vere saltak med takvinkel mellom 35 og 45 grader, tekt med takstein eller skifer.

Husa skal ha maritim stil, dvs. utforming som tradisjonell sjøbu eller tilsvarande, med gavlvegg mot sjøen. Det treng ikkje vere vindauge i nausta. Altanar er ikkje lov. Uthus skal ikkje tillatast.

Ved bygging/utfylling i sjøen skal det leggjast vekt på harmonisk utsjånad og naturlege overgangar mellom tilgrensande eigedomar.

Området rundt naustetasjen skal ikkje byggjast ned.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.8.3 Molo

Etablering av mindre moloar som skal tene til sikring mot sjø for enkelteigedomar krev ikkje reguleringsplan.

Storleiken på moloen skal ikkje vere større enn det som er naudsynt for å sikre eigedomen mot stormflo og liknande. Det skal nyttast masser og stein som er vanleg i området der moloen skal først opp.

Heimel: Pbl. § 11-9 og 11-10 nr. 2.

2.8.4 Småbåtanlegg

Etablering av småbåtanlegg med inntil ti båtplassar krev ikkje reguleringsplan, dersom følgjande føresetnader er tilstade:

1. området har parkering ved anlegget eller i nærområdet med eigna gangtilkomst
2. tiltaket får ikkje vesentlege konsekvensar for miljø eller samfunn

Det skal leggjast vekt på harmonisk utsjånad og naturlege overgangar mellom tilgrensande eigedomar.

Heimel: Pbl. § 11-9 og § 11-10 nr. 2.

2.9 Sentrumsområde for Nordfjordeid

Når regional planføresegn om lokalisering av handel og kjøpesenter skal tolkast skal definert sentrumsområde for Nordfjordeid, vedlegg 5 i planomtalen, leggst til grunn.

Heimel: Pbl. § 11-9.

2.10 Kombinerte bygnings- og anleggsformål [revisjon 15.02.2024]

Område KBA (Lynghaugen)

Føremålet omfattar fritids- og turistformål kombinert med bustad. Det er tillate med inntil 10 utleigeeiningar/landskapshytter, 1 servicebygg med servering, 1 bygg med overnattingsmoglegheit og 1 bygg med høve til bustad, og tilhøyrande infrastruktur.

Det er eit krav at landskapsverknad vert dokumentert ved snitt/illustrasjonar i samband med vidare handsaming av arealbruken. I denne dokumentasjonen skal det også gå fram korleis ein tenkjer å forme terrenget i samband med utbygginga.

Tilkomst og kryss mot rv.15 skal vurderast opp mot handbok N100 kap. 4.1 i samband med detaljregulering av område KBA. Gjennomføring av naudsynte tiltak i tråd med krava i handbok N100 må sikrast gjennom rekkefølgekrev, før detaljregulering kan vedtakast.

Heimel: Pbl. §§ 11-9 nr. 5 og 8.

3. Landbruks-, natur- og friluftsområde

Føremålet gjeld landbruks-, natur- og friluftsområde med nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag og areal for spreidde bustad-fritids- eller næringsbygningar mv. , jf. pbl. § 11-7 nr. 5. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv er tillate.

3.1. Felles føresegner

Naudsynte bygningar og anlegg for landbruk og gardsbasert næringsverksemd kan oppførast i 100-metersbeltet langs sjø dersom bygning/anlegg vert plassert i tilknytning til eksisterande tunskipnad.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 4.

3.1.1 Retningslinje – Landbruks-, natur- og friluftsområde

Ved søknad om løyve til oppføring av større bygg og tiltak, slik som bustadar, fritidsbygningar, næringsbygg, sjøhus og naust, skal det utarbeidast ein detaljert utomhusplan som viser tomteinndeling, plassering og hovudform på bygningar, parkering, veg og anna infrastruktur. Inkludert høgder på terreng og bygningar. Fasade- og snitteikningar som viser opphavleg og nytt terrengnivå og teikningar som viser terrengplassering i høve til nabobygg skal følgje søknaden, der dette er relevant.

For nødvendige tiltak for landbruk og gardstilknytt næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag (jf. 11-7 nr. 5 a)) skal tiltaket vere i tråd med gjeldande rettleiar, noverande Plan- og bygningslova og Landbruk Pluss T-1443. Tilretteleggingstiltak for friluftsliv er tillate.

3.2. LNF-område for spreidd utbygging, jf. pbl. § 11-7 nr. 5 b).

I område med LNF-spreidd bustad-, fritids- eller næringsbygningar og andre bygningar kan det det gjevast løyve til enkeltvis utbygging, under følgjande føresetnader for lokalisering:

1. Dyrka, dyrkbar jord eller samanhengande innmarksbeite skal ikkje omdisponerast .
2. Eksisterande tilkomstvegar skal nyttast så langt som mogleg. Unntak kan mellom anna gjerast der tiltaket vil gje vesentleg auka trafikk gjennom gardstun. Nye tilkomstvegar skal utformast og plasserast slik at det vert lagt til rette for eksisterand og pårekeleg framtidig bruk.
3. Ved plassering og utforming av tiltak skal det takast omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, jordvern, landskap, terreng og andre allmenne interesser.
4. Tiltak skal ikkje plasserast nærare vassdrag enn 25 meter, rekna frå nivået på høgast flaumvasstand. Det skal takast høgde for auka nedbørsmengder og meir intense nedbørsperiodar.

Søknad om frådelling skal innehalde ein detaljert plan med utgreiing for korleis punkt 1 og 2 ovanfor er tenkt løyst.

I vedlegg 3 er det gitt ei oversikt for kvart enkelt område kva utbygging det er høve til å få løyve til i desse områda.

Heimel: Pbl. 11-11 nr. 1 og nr. 5.

3.2.1 LNF område med høve til spreidd bustadbygging

I desse områda kan det oppførast spreidd busetnad. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire bustadar utløyse krav om reguleringsplan. Ei samla utbygging av fire eller fleire bustadar inneber tettbygd utbygging av eit område.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen skal bustadeigedom ha eit maksimalt BYA på 30%. Maksimal mønehøgde er 9 meter. Tomtestorleik for frådelling til bustad bør ikkje overskride 1,5 daa.

Til kvar bustad skal det vere tilfredsstillande uteareal til leik og opphald, jf. pbl. § 28-7 andre ledd.

Tiltak på bustadeigedom, som til dømes garasjar, skal tilpassast kringliggande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til bustadens naturlege omgjevnad og plassering. Bustadeigedom skal ha naudsynt tilkopling for veg, vatn og avløp.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.2 LNF med høve til bygging av spreidd fritidsbustad

I desse områda kan det oppførast spreidd fritidsbusetnad. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

I desse områda kan det oppførast spreidd fritidsbygg. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire fritidsbustadar utløyse krav om reguleringsplan. Ei samla utbygging av fire eller fleire fritidsbustadar inneber tettbygd utbygging av eit område.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen eller følgjer av punkt 3.2.2.1 skal fritidsbustadar ha eit maksimalt BYA på 110 m² medrekna inntil to frittliggjande uthus. BYA for fritidsbustadar som ligg til køyreveg, skal ha minimum to oppstillingsplassar per tomt. BYA vert her sett til 120 m² medrekna eitt uthus.

Altanar skal tilpassast bygga og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknytning til hytta skal ikkje byggjast meir enn 2,5 meter (brutto) utanfor veggliv. Bygging på pålar er ikkje tillate. Takvinkelen skal ligge mellom 25 og 35 grader. Maksimal mønehøgde er 6 meter.

Bygningane skal behandlast med nøytral jordfarge. Tomtestorleik for frådelling til fritidsbustad bør ikkje overskride 1 daa.

Tiltak på fritidsbustadeigedomene skal tilpassast kringliggjande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til fritidsbustadens naturlege omgjevnad og plassering.

Hyttene skal minimum ha ein avstand til ski- og turveg på 15 meter.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.2.1. Bygging rundt omsynssone for kulturmiljø

I område avsett til LNF-spreidd hyttebygging rundt omsynssone for kulturmiljø kan det førast opp ein fritidsbustad med eitt uthus med maksimalt BYA på 80 m².

Med mindre anna følgjer av utarbeidd og godkjent VA-plan, ska det ikkje leggast inn vatn i hyttene. Det kan då monterast utslagsvask.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.3 LNF område med høve til spreidd næring

I desse områda kan det oppførast spreidde næringsbygg, inkludert utleigehytter. Lokalisering og omfang går fram av vedlegg 3.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.3.1. Næringsbygg

Etablering av næringsbygg på enkelttomter og som ikkje om ikkje vil vere til vesentleg ulempe for kringliggjande busetnad eller allmenne interesser krev ikkje reguleringsplan.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen vert maksimal BYA sett til 50 % og maksimal storleik på næringsbygg sett til 350 m². Maksimal mønehøgde på næringsbygg sett til 9 meter. Plassering og utforming av næringsbygg må tilpassast bygde og naturlege omgjevnader.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

3.2.3.2 Utleigehytter

I område der det ikkje er stilt krav om reguleringsplan, jf. pkt. 1.3 og vedlegg 1, vil ei samla utbygging av fire eller fleire utleigehytter utløyse krav om reguleringsplan. Ei samla utbygging av fire eller fleire utleigehytter inneber tettbygd utbygging av eit område.

Med mindre anna følgjer av reguleringsplan som gjeld før arealdelen skal utleigehyttene ha eit maksimalt BYA på 110 m².

Altanar skal tilpassast bygga og ligge på terrengnivå. Terrasser, verandaer eller andre konstruksjonar over terreng utan tak i tilknytning til hytta skal ikkje byggjast meir enn 2,5 meter (brutto) utanfor veggliv. Bygging på pålar er ikkje tillate. Takvinkelen skal ligge mellom 25 og 35 grader. Maksimal mønehøgde er 6 meter.

Bygningane skal behandlast med nøytral jordfarge. Tomtestorleik for frådeling til fritidsbustad bør ikkje overskride 2 daa.

Tiltak på fritidsbustadeigedomen skal tilpassast kringliggande bygg og ha gode visuelle kvaliteter, både i seg sjølv og i forhold til fritidsbustadens naturlege omgjevnad og plassering.

Hyttene skal minimum ha ein avstand til ski- og turveg på 15 meter.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 1 og nr. 2.

4 Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner

Føremålet gjeld bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner, jf. pbl. § 11-7 nr. 6.

4.1 Felles føresegner

Sjøområdet i kommunen skal berre nyttast til ferdsel, fiske, natur og friluftsmål der ikkje andre formål er spesifisert i plankartet.

I nasjonal laksefjord gjeld restriksjonar knytt til anadrom matfiskeproduksjon – jf. Stortingsvedtak av februar 2003. I desse områda er det forbod mot oppdrett av matfisk av anadrome artar som laks og aure. Område VA03 og VA07 ligg innanfor avgrensinga av nasjonal laksefjord.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

4.1.1 Område V01 Mel

Førekost av flikmelde skal sikrast ved opparbeiding av område V01 Mel.

Førekost av flikmelde i området skal kartleggast og vurderast nærare i samband med reguleringsplan. Kartlegging og vurdering skal utførast av personar med rett fagekspertise. Ved regulering av området skal det dokumenterast kva tiltak som er planlagt for å redusere eventuelle skadeverknader for flikmeldelokaliteten.

Heimel: Pbl. § 11-9 nr. 8.

4.2 Fiske

Fiskeridirektoratet skal ha søknad om tiltak i område avsett til fiske til uttale før kommunen handsamar søknaden.

I område avsett til fiske er det ikkje tillate med andre tiltak.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

4.3 Akvakultur

Område avsett til akvakulturanlegg skal ha høve til fortøying i land der det er naudsynt.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3 og nr. 4.

4.4 Drikkevatt

I drikkevasskjelder gjeld restriksjonar etter forskrift om vassforsyning og drikkevann (drikkevassforskrifta).

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

4.5 Småbåthamn

I område avsett til småbåthamn er det høve til å etablere molo eller liknande, også med plass til naust.

Heimel: Pbl. § 11-11 nr. 3.

5. Omsynssoner, jf. plan- og bygningslova § 11-8 og utfyllande føresegner og retningslinjer

5.1. Støysone (H210 og H220)

Gjeldande retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging skal leggest til grunn ved handsaming av tiltak nær støykjelder, jf. forureiningslova og tilhøyrande forskrifter.

Støyømfintlege tiltak skal som hovudregel ikkje lokalisrast innanfor kartlagt rød støysone (H210), jf. gjeldande retningslinje.

Ved tiltak innanfor gul støysone (H220) skal det foretas støymålingar. Det skal gjennomførast tiltak mot støy dersom grenseverdiane i gjeldande retningslinje blir overskridne.

Søknad om tiltak i regulert område skal følgjast opp med ny støyvurdering, og om naudsynt støyreducerande tiltak, dersom mangelfull planlegging eller endra føresetnadar tilseie at gjeldande kvalitetskrav ikkje er oppfylt.

Særskilte omsyn skal takast på følgjande område:

1. Støysona kring skytebana på Tua. Vidare utbygging av hytter kan ikkje tillatast i dette området, jf. kapittel 5 i forskrift om begrensning av forurensning.

Heimel: Pbl. §11-8 bokstav a.

5.2 Faresone (H310)

I område som ligg innanfor omsynssone H310 i plankartet (del 2), skal ein ved detaljregulering utføre ei fagkunnig kartlegging og vurdering av skredfare som gjev kunnskap om reell fare som det aktuelle området er utsatt for, dette skal inngå i ROS-analysen. Ved eventuell bygging innanfor fareutsette område, skal det leggjast fram dokumentasjon på korleis god nok tryggleik kan oppnåast ved hjelp av risikoreduserande tiltak.

I frådeling- eller byggesøknad i område som ligg innanfor omsynssone H310 i plankartet (del 2), står søkjar ansvarleg for å dokumentere at det ikkje er reell skredfare basert på ei nærare fagkunnig kartlegging og vurdering og for tiltak for å redusere risikoen. Ved eventuell bygging innanfor fareutsette område, skal det leggjast fram dokumentasjon på korleis god nok tryggleik kan oppnåast ved hjelp av risikoreduserande tiltak.

Ved utarbeiding av reguleringsplanar eller ved søknader om løyve etter plan- og bygningslova innanfor område H310, skal det i område under marin grense gjennomførast geoteknisk utgreiing for å avdekkje om det finst skredfarleg kvikkleire. Det skal dokumenterast at utbygging vil gje tilstrekkeleg områdestabilitet i samsvar med krava i byggtknisk forskrift.

Heimel: Pbl. § 11-8 bokstav a.

5.2.1 Retningslinje for nærare utgreiing - skredfare

Nærare opplysningar om kva form for ras- skredfare som er aktuell i ulike område, er å finne via NVE sine kart.

Ved nærare vurdering av skredfare skal NVE sine til ei kvar tid gjeldande retningslinjer leggast til grunn: NVE retningslinje nr. 2/2011 *Flaum- og skredfare i arealplanar*. Retningslinjene byggjer på føresegnene i plan- og bygningslova og krava til tryggleik mot flaum og skred som er gitt i byggtknisk forskrift (TEK10).

NVE sine til ei kvar tid gjeldane faglege rettleiarar som er knytt til retningslinjene skal ligge til grunn der dette er aktuelt:

1. *Sikkerhet mot kvikkleireskred. Vurdering av områdestabilitet ved arealplanlegging og utbygging i områder med kvikkleire og andre jordarter med sprøbruddegenskaper*
2. *Sikkerhet mot skred i bratt terreng. Kartlegging av skredfare i arealplanlegging og byggesak*

Aktuelle tiltak for å redusere fare i eit område er avhengig av kva type skred området kan vere utsett for. I risiko- og sårbarheitsanalyser vil det difor vere hensiktsmessig å skilje mellom ulike typar skred som grunnlag for nærare kartlegging og tilråding av risikoreduserande tiltak.

5.3 Retningslinjer for sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø

5.3.1 Friluftsliv (H530)

Innanfor område som er lagt inn som omsynssone for friluftsliv, bør det (med sikte på å sikre viktige friluftslivskvalitetar) ikkje tillatast tiltak som hindrar tilgang og bruk av området til friluftsliv.

I desse områda bør det ikkje gjerast tiltak som reduserer området sin verdi som rekreasjonsområde.

5.3.3 Naturmiljø (H560)

Innanfor område som er lagt inn som omsynssone for naturmiljø, bør det (med sikte på å sikre viktige naturmiljøkvalitetar) ikkje tillatast tiltak som reduserer området sin naturmiljøverdi.

Før løyve om tiltak vert gjeve skal naturmangfaldlova §§ 8-12 vurderast særskilt.

[Revisjon 15.02.2024, gjeld særskilt for sone H560 på Løkjaåsen ved Haugen]:

Det skal ikkje gjerast tiltak som hindrar eller reduserer naturverdi og verdi for friluftsliv, eller gjer det mindre framkomeleg på etablerte stiar og vegar. Det skal ikkje gjerast snauhogst i området eller skogrydding med hogst maskiner.

5.3.3 Kulturmiljø (H570)

Innanfor område som er lagt inn som omsynssone for kulturmiljø, bør det (med sikte på å bevare viktige historiske trekk i kulturlandskap og kulturminne) ikkje tillatast riving av bygningar eller gis løyve til større bygge- og anleggstiltak før dei kulturhistoriske verdiane er nærmare kartlagt og eventuelt sikra gjennom føresegner i område- eller detaljregulering.

Der stølar/setrar er merka med omsynssone for kulturmiljø, har bygningsmiljøet spesielt høg verdi som kulturlandskap og kulturminne.

På stølane er det berre tillate å føre opp att bygningar på eksisterande murar, til opphavleg bruk og med tilnærma same utsjånad som den tidlegare bygningen hadde.

5.3.3.1 For H570_40, H570_54, H570_71 og H570_72, gjeld desse retningslinjene:

For desse skal arealforvaltninga skal skje etter same retningslinjer / føresegner som for vanlege LNF-område. Bygging av driftsbygningar og bygningar som er naudsynte for drift av stølen eller utviding av slike bygningar, skal i størst mogleg grad tilpassast eksisterande bygningar på stølen. Breidde, høgde og takvinkel bør følgje byggeskikken på stølen. Bygningane skal vere frittliggjande. Naust kan oppførast som fellesnaust.

Bruttoareal for bygningane skal ikkje overstige 50 m² (NS 3940), naust ikkje overstige 25 m².

5.3.3.2 For H570_70, gjeld desse retningslinjene:

Det kan gjevast løyve til å føre opp nye bygningar under føresetnad av at bygningen vert plassert og utforma i samsvar med tradisjonen på stølen når det gjeld form, storleik, materialbruk og farge.

Dokumentasjon skal følgje byggjemeldinga. Dersom det er mogleg, skal tidlegare grunnmurar eller tufter nyttast.

Det kan gjevast løyve til utviding av eksisterande bygningar. Utviding bør normalt skje ved påbygging i lengderetninga. Breidde, høgde og takvinkel bør såleis vere som tidlegare. Vinkelbygg bør ikkje tillatast med mindre dette var vanleg på stølen.

Det kan berre oppførast enkle bygningar med grunnflate inntil 50 m². I staden for eitt stort sel, bør det vurderast om kan vere betre med eitt mindre nytt sel i nærleiken til det eksisterande.

5.4 Sone for bandlegging

5.5.1 Bandlegging etter lov om naturvern (H720)

Edellauskog er verna etter lov om naturvern. I desse områda kan det ikkje gjerast tiltak som ikkje er i tråd med forvaltningsplan for området.

5.5.2 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Tiltak kan ikkje utførast i strid med kulturminnelova.

5.4.3. Bandlegging etter andre lover (H740)

Tiltak kan ikkje utførast før eventuell strid med gjeldande lovverk er avklara.

6. Vedlegg

Føresegnene og retningslinjene har følgjande vedlegg:

1. Oversikt over byggeområde - framtidige byggeområde og eksisterande byggeområde med krav om reguleringsplan
2. Oversikt over forholdet mellom arealdel og reguleringsplanar
3. Omfang av utbygging i LNF-område med høve til spreidde bygg, og oversikt over områda

Vedlegg 1: Oversikt over byggeområde

1. Oversikt over framtidige byggeområde

Under er ei oversikt over framtidige byggeområde. Byggeområda er sortert etter arealformål. For å skilje mellom framtidige byggeområde som er vidareført frå førre planperiode og dei som er nye ved denne revisjonen, er byggeområde som er vidareført frå førre planperiode markert med **oransje** tekst.

Alle byggeområde er nummerert med utgangspunkt i arealformål. Desse nummera er å finne på plankartet. Bokstavforkortinga i forkant av nummereringa tyder følgjande arealformål:

- BA – Bygningar og anlegg
- B – Bustadar
- BFR – Fritidsbygningar
- BOP – Offentleg eller privat tenesteyting
- BFT – Fritids- og turistformål
- BRU - Råstoffutvinning
- BN – Næringsbygningar
- BIA – Idrettsanlegg
- BAB – Andre typar bygningar og anlegg (derunder: naust, småbåtanlegg, sjøhus, molo, fylling/brygge)
- S – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur
- SHA – Hamn
- SPA – Parkering
- M – Forsvaret
- V – Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone
- VS – Småbåthamn
- VA – Akvakultur

For område der ein ynskjer å avgrense arealbruken ytterlegare, er det spesifisert kva arealbruk som er ynskjeleg. Til slutt er det tatt med eventuelle krav om reguleringsplan.

Kjølsdalen krins:

Område	Stad	Arealformål	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BA01	Lefdal	Bygningar og anlegg: Fritidsbygningar, fritids- og turistformål og andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust, sjøhus og småbåtanlegg		Reguleringsplankrav
BA02	Midthjell	Bygningar og anlegg: Fritids- og turistformål, næring og andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Reguleringsplankrav
BA03	Årdalsvika	Bygningar og anlegg	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BAB10	Midthjell	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Reguleringsplankrav
VS01	Kjølsdalen	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone: Ferdsel og småbåthamn	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
VA01	Ervik - vest	Akvakultur	Vidareført frå førre planperiode	
VA02	Ervik - aust	Akvakultur	Vidareført frå førre planperiode	

Stårheim krins:

Område	Stad	Arealformål	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B02	Stårheim	Bustadar		Reguleringsplankrav
B03	Stårheim	Bustadar		Reguleringsplankrav
B04	Stårheim	Bustadar		Reguleringsplankrav
B05	Torvik	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode-området er tilpassa	Reguleringsplankrav

			avgrensning av reguleringsplan som er under utarbeiding	
B10	Torvik	Bustadar		Reguleringsplankrav
B17	Torvik	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BFT01	Torvik	Fritids- og turistformål		Reguleringsplankrav
BRU01	Lund	Råstoffutvinning		Reguleringsplankrav
BN02	Stårheim	Næringsbygningar	Vidareført frå førre planperiode - området er redusert i sør	Reguleringsplankrav
BAB01	Ytre Røed	Andre typar bygningar og anlegg: Energianlegg	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
VS02	Rødstranda	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone: Småbåthamn med naust	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav

Haugen krins:

Område	Stad	Arealformål	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BA04	Løkja	Bygningar og anlegg: Fritids- og turistformål og andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust, molo og småbåtanlegg (Fritids- og turistformål skal etablerast på land)		Reguleringsplankrav
BA05	Hjelmelandsdalen	Bygningar og anlegg: Fritidsbygningar, privat tenesteyting, fritids- og turistformål, næringsbygningar og idrettsanlegg		Reguleringsplankrav
BA06	Hjelmelandsdalen	Bygningar og anlegg: Fritidsbygningar, privat tenesteyting, fritids- og turistformål, næringsbygningar og idrettsanlegg		Reguleringsplankrav
BA07	Hjelmelandsdalen	Bygningar og anlegg:		Reguleringsplankrav

		Fritidsbygningar, privat tenesteyting, fritids- og turistformål, næringsbygningar og idrettsanlegg		
BA08	Haugen	Bygningar og anlegg: Bustadar og næringsbygningar		Reguleringsplankrav
B06	Ryssta	Bustadar	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
B07	Ryssta Haugen (Skulehusbakken)	Bustadar	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
B08	Løkja	Bustadar	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
B09	Haugen	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B20	Lid	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B25	Haugen (Øvre Lid)	Bustadar	[Revisjon 2024]	
B27	Haugen (Åsen)	Bustadar	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
BRU02	Hjelmelandsdalen	Råstoffutvinning		Reguleringsplankrav
BRU03	Svora	Råstoffutvinning	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BN03	Reset	Næringsbygningar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BIA01	Hjelmelandsdalen	Idrettsanlegg (knytt til Harpefossen (skianlegg/turløyper))		Reguleringsplankrav
BIA02	Hjelmelandsdalen	Idrettsanlegg (knytt til Harpefossen (skianlegg/turløyper))		Reguleringsplankrav
BIA03	Hjelmelandsdalen	Idrettsanlegg (knytt til Harpefossen (skianlegg/turløyper))		Reguleringsplankrav
BIA04	Hjelmelandsdalen	Idrettsanlegg (knytt til Harpefossen (skianlegg/turløyper))		Reguleringsplankrav
BAB02	Hjelmelandsdalen	Andre typar bygningar og anlegg: Energianlegg	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BAB11	Haugland	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Molo		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.

KBA	Haugen (Lynghaugen)	Kombinert bygnings- og anleggsformål; Turistformål og bustad	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
SPA01	Hjelmelandsdalen	Parkering		Reguleringsplankrav
SV02	Haugen	Veg (Vegkryss mellom rv.15 og Tippaåsen)	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
SV03	Haugen	Veg (Vegkryss mellom rv.15 og Løkjavegen)	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
SV04	Haugen	Veg (avkøyrsløp frå rv.15 til Ryssta)	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav
SV05	Haugen	Veg (Vegkryss mellom rv.15 og fv.5747, og rv. 15 og Skulehusbakken)	[Revisjon 2024]	Reguleringsplankrav

Nordfjordeid krins (Nordfjordeid og Eidsdalen):

Område	Stad	Arealformål	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B11	Skårhaug	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B12	Høgebakkane	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B13	Myroldhaug	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B14	Alsaker	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B15	Gjerde	Bustadar (Offentleg)	Vidareført frå førre planperiode gjennom reguleringsplan	Reguleringsplankrav
B21	Lunden	Bustadar		Reguleringsplankrav
BOP01	Stokkenes	Offentleg eller privat tenesteyting		Reguleringsplankrav
BOP03	Bjørlo	Offentleg eller privat tenesteyting		Reguleringsplankrav
BRU04	Skårhaug	Råstoffutvinning		Reguleringsplankrav
SV01	Nordfjordeid	Veg (Vegkryss mellom Sjøgata og Rv15)	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
V01	Mel	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone: Småbåthamn og friluftsområde		Reguleringsplankrav
V02	Nordfjordeid	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone:	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav

		Friluftsområde og ferdsel		
--	--	---------------------------	--	--

Nordfjordeid krins (Sørsida, Lote og Hennebygda):

Område	Stad	Arealformål	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BA11	Torheim	Bygningar og anlegg: Fritids- og turistformål og andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust (Fritids- og turistformål skal etablerast på oppsida av vegen)		Reguleringsplankrav
BA12	Hennebygda	Bygningar og anlegg: Fritidsbygningar, fritids- og turistformål og andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust og småbåtanlegg	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BFR02	Hennebygda	Fritidsbygningar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BN07	Kvernhuselva	Næringsbygningar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BAB03	Os	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BAB04	Sørland	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust, molo, småbåtanlegg		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB05	Hennebygda	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Reguleringsplankrav
BAB06	Hennebygda	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Reguleringsplankrav
BAB16	Åshamar	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust, bud og brygge		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.

BAB17	Juvika	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Reguleringsplankrav
BAB18	Sætre	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB19	Hammeneset	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust, molo og småbåtanlegg		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB20	Torheim	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB21	Torheim	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust, molo og småbåtanlegg		Reguleringsplankrav
BAB22	Torheim	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB23	Rotvika	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Molo og småbåtanlegg		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB24	Hundvik	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Kai, sagbruk, lager og naust		Reguleringsplankrav
BAB25	Hennebygda	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Molo og småbåtanlegg		Reguleringsplankrav
BAB26	Hennebygda	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust og sjøhus med høve til utleie		Reguleringsplankrav
BAB27	Torheim	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust og molo		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB28	Torheim	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust, garasje og molo		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
S01	Lote	Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Ferjekai)	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav

VA03	Hundeide - vest	Akvakultur	Vidareført frå førre planperiode	
VA04	Hundvik - vest	Akvakultur	Vidareført frå førre planperiode	
VA05	Hundvik - aust	Akvakultur	Vidareført frå førre planperiode	
VA07	Åseneset - aust	Akvakultur	Vidareført frå førre planperiode	

Hjelle krins:

Område	Stad	Arealformål	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BA13	Nor/Kviene	Bygningar og anlegg: Råstoffutvinning (råstoffutvinning er avgrensa til opparbeiding av næringsområdet), næringsbygningar og andre typar bygningar og anlegg: Renovasjonsanlegg		Reguleringsplankrav
BA16	Holmøyane	Bygningar og anlegg: Råstoffutvinning (råstoffutvinning er avgrensa til opparbeiding av næringsområdet) og næringsbygningar		Reguleringsplankrav
B16	Mogrenda	Bustadar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
B18	Mogrenda	Bustadar		Reguleringsplankrav
B19	Vedvikmona	Bustadar		Reguleringsplankrav
BFR03	Heggjabygda	Fritidsbygningar	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BOP02	Norsmona	Offentleg tenesteyting (Reinseanlegg for drikkevatt)	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BFT02	Holmøyane	Fritids- og turistformål		Reguleringsplankrav

BRU05	Vedvikmona	Råstoffutvinning (etterbruk landbruk-, natur- og friluftsmål)		Reguleringsplankrav
BRU06	Vedvikmona	Råstoffutvinning (omfattar både området som er vidareført frå førre plan og område vidare mot aust) (etterbruk bustadar)		Reguleringsplankrav
BRU07	Skauset	Råstoffutvinning		Reguleringsplankrav
BN09	Holmøyane	Næringsbygningar (knytt til Hjelle snikkerverkstad)		Reguleringsplankrav
BN33	Norsmona	Næringsbygningar		Reguleringsplankrav
BAB07	Heggjabygda	Andre typar bygningar og anlegg: Energianlegg	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BAB08	Holmøyane	Andre typar bygningar og anlegg: Energianlegg		Reguleringsplankrav
BAB09	Holmøyane	Andre typar bygningar og anlegg: Energianlegg	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
BAB12	Heggjabygda	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Småbåtanlegg		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB13	Nes	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust og brygge		Ikkje krav om reguleringsplan, jf. føresegner under kapittel 2.8.
BAB14	Skauset	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust		Reguleringsplankrav
BAB15	Holmøyane	Andre typar bygningar og anlegg, særskilt angitt: Naust og småbåtanlegg		Reguleringsplankrav
SPA02	Heggjabygda	Parkering (ved kyrkja)		Reguleringsplankrav
M01	Mogrenda	Forsvaret	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav

Under er oversikt over framtidige område som er lagt inn som linjer i arealdelen:

Veg:

Haugen	Ny tilkomst til Rv15 frå Fv661		Reguleringsplankrav
Lunden		Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
Hundvik – Torheim			Reguleringsplankrav
Lote – Anda (vedteke av kommunestyret 04.06.2015 utan juridisk binding. Statens vegvesen har motsegn til traseen. Endeleg avgjerd av departementet.)	Bru	Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
Hjelle	Ny tilkomst til bustadfelt frå Fv664		Reguleringsplankrav
Stokkenes		Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
Langelandsåsen		Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav

Gang- og sykkelveg:

Lefdal – Holmøyane			Reguleringsplankrav
Stårheim sentrum – Torvik bustadfelt		Vidareført frå førre planperiode	Reguleringsplankrav
Nordfjordeid – Bjørlo	Langs Fv663		Reguleringsplankrav
Nordfjordeid – Osvika	Langs Fv662		Reguleringsplankrav
Nor	Langs Fv663		Reguleringsplankrav

Turveg/turdrag:

Erviksætra – Moesehaugane		Vidareført frå førre planperiode
Ervik – Gilleshammer		
Humborstad – Årdal	Ridesti	
Årdalsvika – Årdal	Ridesti	
Langs Stårheimselva		Vidareført frå førre planperiode
Langs Hjalma		
Løkja	Rundløype	
Rundt Brekka	Langrennsløype	
Reset	Turløype	
Rundt Mørsetra	Langrennsløype	
Tippasetra – Fossane		
Tippasetra – Lidasetra		
Lidasetra – Harpefossen	Ridesti	Vidareført frå førre planperiode
Nordfjordeid	Rundløype	Vidareført frå førre planperiode
Tua – Lindviksetra – Villevatnet		

Motorferdsel i utmark:

Ljosuregga

Daleheida
Ljosurdalen
Lidavarden
Slåttefjellet
Langedalen – Furuhogane

2. Oversikt over eksisterande byggeområde med krav om reguleringsplan

Under er ei oversikt over eksisterande byggeområde innanfor 100-metersbeltet. I desse områda er det stilt krav om detaljreguleringsplan for nærare fastsetjing av byggegrense mot sjø. Byggeområda er sortert etter arealformål.

Alle byggeområde er nummerert med utgangspunkt i arealformål. Desse nummera er å finne på plankartet. Bokstavforkortinga i forkant av nummereringa tyder følgjande arealformål:

- BA – Bygningar og anlegg
- B – Bustadar
- BFR – Fritidsbygningar
- BN – Næringsbygningar
- BIA – Idrettsanlegg
- BAB – Andre typar bygningar og anlegg (derunder: naust, småbåtanlegg, sjøhus, molo, brygge)

Kjølisdalen:

Område	Stad	Arealformål	Reguleringsplankrav
BA21	Haus	Bygningar og anlegg	Reguleringsplankrav
BA22	Haus	Bygningar og anlegg	Reguleringsplankrav
BA23	Ervik	Bygningar og anlegg	Reguleringsplankrav
BA24	Kjølisdalen	Bygningar og anlegg	Reguleringsplankrav
BA25	Kjølisdalen	Bygningar og anlegg	Reguleringsplankrav
BA26	Kjølisdalen	Bygningar og anlegg	Reguleringsplankrav

Stårheim:

Område	Stad	Arealformål	Reguleringsplankrav
BA27	Torvik	Bygningar og anlegg	Reguleringsplankrav
B53	Torvik	Bustadar	Reguleringsplankrav
B54	Torvik	Bustadar	Reguleringsplankrav
B55	Torvik	Bustadar	Reguleringsplankrav
B56	Torvik	Bustadar	Reguleringsplankrav
B57	Hafsås	Bustadar	Reguleringsplankrav
B58	Hafsås	Bustadar	Reguleringsplankrav
B59	Hafsås	Bustadar	Reguleringsplankrav
B60	Rød	Bustadar	Reguleringsplankrav
B61	Rød	Bustadar	Reguleringsplankrav
BN21	Hafsås	Næringsbygningar	Reguleringsplankrav

BIA11	Torvik	Idrettsanlegg	Reguleringsplankrav
BAB51	Hafsås	Andre typer bygninger og anlegg: Energianlegg	Reguleringsplankrav
VS11	Rød	Småbåthamn	Reguleringsplankrav

Haugen:

Område	Stad	Arealformål	Reguleringsplankrav
BA28	Naustdal	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
SHA01	Naustdal	Hamn	Reguleringsplankrav

Nordfjordeid:

Område	Stad	Arealformål	Reguleringsplankrav
BA38	Taklo	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA39	Hundeide	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA40	Hundeide	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA41	Hundeide	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA42	Hundeide	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA43	Hundeide	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA45	Hammenes	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA46	Torheim	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA47	Torheim	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA53	Lote	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA54	Hennebygda	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BA55	Hennebygda	Bygninger og anlegg	Reguleringsplankrav
BFR11	Sørland	Fritidsbygninger	Reguleringsplankrav
BFR12	Torheim	Fritidsbygninger	Reguleringsplankrav
BFR13	Hjellvika	Fritidsbygninger	Reguleringsplankrav
BFR14	Hennebygda	Fritidsbygninger	Reguleringsplankrav
BN38	Taklo	Næringsbygninger	Reguleringsplankrav

Vedlegg 2: Oversikt over forholdet mellom arealdel og reguleringsplanar

Oversikt over forholdet mellom arealdel og reguleringsplanar					
Kjølsdalen krins					
Referanse i plankartet – reguleringsplanar som gjeld før arealdelen	Reguleringsplan	Plan-ID i digitalt planregister	Vedteken	Hovud-arealformål	Gyldigheit i forhold til arealdelen
H910_33	Detaljreguleringsplan for Lefdal gruve	2012001	29.09.2014	Næring	Gjeld før arealdelen.
-	Lefdal Småbåthamn		12.11.1992	Naust	Skal opphevast.
H910_01	Lefdalsvika	2008003	25.02.2010	Naust	Gjeld før arealdelen.
H910_02	Mindre bustadfelt i Kjølsdalen	2009004	28.05.2010	Bustad	Gjeld før arealdelen.
-	Vegkryss i Kjølsdalen	1999002	09.03.2000	Veg	Gjeld bak arealdelen.
-	Kjølsdalen bustadfelt		13.02.1979	Bustad	Skal opphevast.
H910_03	Kjølsdalen bustadfelt	2007007	24.06.2010	Bustad	Gjeld før arealdelen.
Stårheim krins					
Referanse i plankartet – reguleringsplanar som gjeld før arealdelen	Reguleringsplan	Plan-ID i digitalt planregister	Vedteken	Hovud-arealformål	Gyldigheit i forhold til arealdelen
H910_06	Naustområde i Ålund	2002003	29.04.2010	Naust	Gjeld før arealdelen.
-	Orheimsvika bustadfelt		21.03.1991	Bustad	Skal opphevast.
-	Orheimsvika bustadfelt	2007003	13.12.2007	Bustad	Skal opphevast.
H910_05	Stårheim sentrum	1996002	27.06.1996	Bustad, Næring, Offentleg tenesteyting	Delar av reguleringsplanen gjeld før arealdelen.

H910_05	Utviding av Stårheim gravstad	2000003	31.08.2000		Gjeld før arealdelen.
H910_04	Hytteområde på Fannstøylen	2001006	24.06.2004	Hytter	Gjeld før arealdelen.
-	Stårheim bustadfelt del I	1996003	07.11.1996	Bustad	Gjeld bak arealdelen.
-	Stårheim bustadfelt del II	2002007	25.01.2005	Bustad	Gjeld bak arealdelen.
-	Torvik bustadfelt	1986002	28.07.1986	Bustad	Gjeld bak arealdelen.
Haugen krins					
Referanse i plankartet – reguleringsplan ar som gjeld før arealdelen	Reguleringsplan	Plan-ID i digitalt planregister	Vedteken	Hovud-arealformål	Gyldigheit i forhold til arealdelen
-	Privat reguleringsplan for slamdeponi på Reset	2010001	24.06.2010	Industri	Gjeld bak arealdelen.
H910_07	Masseuttak på Naustdal - del av gnr. 20 bnr. 2 og 4	2001014	25.10.2001	Råstoff	Gjeld før arealdelen.
-	Veg Naustdal-Løkjanaset	1996004	19.12.1996	Veg	Gjeld bak arealdelen.
-	Gang- og sykkelveg langs rv. 15 - Haugen	2003003	28.10.2004	Gang- og sykkelveg	Gjeld bak arealdelen.
H910_08	Reguleringsplan for Løkjastranda	2001005	10.11.2003	Industri, bustad, landbruk	Gjeld før arealdelen.
H910_08	Mindre vesentlig endring av reguleringsplan for Løkjanaset	2004006	08.03.2005	Industri, bustad, landbruk	Gjeld før arealdelen.
H910_10	Reguleringsplan for industri Haugen - gnr. 38 bnr. 104	2009001	17.09.2009	Industri	Gjeld før arealdelen.
-	Reguleringsplan for industriområde på Haugen	2001008	30.04.2003	Industri	Gjeld bak arealdelen.
H910_11	Skuleområdet på Haugen	1986001	05.03.1986	Offentleg tenesteyting	Gjeld før arealdelen.

-	Mindre vesentleg endring av reguleringsplan for skuleområde for Haugen, gnr. 38 bnr. 3	2004001	16.11.2004	Bustad	Gjeld bak arealdelen.
-	Skulebakken bustadfelt	1999003	31.08.2000	Bustad	Gjeld bak arealdelen.
H910_25	Åsen bustadfelt	1973001	02.04.1973	Bustad	Gjeld før arealdelen.
	Endring i reguleringsplan for Åsen bustadfelt	1979002	04.07.1979	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_12	Utviding Åsen bustadfelt - gnr. 38 bnr. 1 og 68	2004002	28.04.2005	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_13	Hjelmelandsdalen FB2, FB3, FB4, FB5 (Utbyggingsplan)	2005006	13.12.2005	Hytter	Gjeld før arealdelen.
H910_14	Hjelmelandsdalen FB6 og FB7 (Utbyggingsplan)	2006007	29.03.2007	Hytter	Gjeld før arealdelen.
H910_14	Mindre endring av detaljreguleringsplan for Harpefossen Hyttegrend FB6 og FB7		18.06.2014	Hytter	Gjeld før arealdelen.
Nordfjordeid krins					
Referanse i plankartet – reguleringsplan ar som gjeld før arealdelen	Reguleringsplan	Plan-ID i digitalt planregister	Vedteken	Hovud-arealformål	Gyldigheit i forhold til arealdelen
-	Masseuttak på Skårhaug	2004003	17.03.2005	Råstoff	Gjeld bak arealdelen.
H910_15	Indre og ytre Skårhaug	2000001	09.03.2000	Bustad, landbruk, industri/lager, massetak	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Endring av reguleringsplan for Indre og Ytre Skårhaug - Skårhaugneset	2001011	18.12.2002	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Endring av reguleringsplan for Indre Skårhaug - tomt til Hjelmeland begravelsesbyrå - gnr. 43 bnr. 28	2007005	20.11.2008	Forretning	Gjeld før arealdelen.

H910_15	Reguleringsendring for Indre Skårhaug	2005005	29.04.2010	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Leirongane	1971001	04.06.1971	Småbåthamn, kontor/industri	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Prestemarka, Mel og sjukehusområdet	1988001	30.08.1988	Bustad, sjukehus, skule	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Endring av reguleringsplan for Prestemarka, Mel og sjukehusområdet	1999001	10.02.2000		Gjeld før arealdelen.
H910_15	Endring av reguleringsplan for Prestemarka, Mel og sjukehusområdet - Meltunet og Prestegarden	2005004	27.04.2006	Bustad, sjukehus, skule	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Mindre endring i reguleringsplanen for Prestemarka - gnr. 43 bnr. 76	2007006	11.09.2008	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Mindre endring i reguleringsplan for Prestemarka – gbnr. 43/76	2011004	15.08.2011		Gjeld før arealdelen.
H910_15	Myklebuståsen	1976001	22.04.1976	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Mindre endring av reguleringsplan for Myklebuståsen		22.07.2014	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Del av gnr. 44 bnr. 31 Høgebakkane	1996005	01.02.1996		Gjeld før arealdelen.
H910_15	Golvsengane	2001015	28.02.2008	Bustad	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Endring av reguleringsplan for Golvsengane - tomt til barnehage	2008001	07.05.2009	Barnehage	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Omsorgsbustader på Gjerdane	2000005	29.06.2000	Omsorgsbustad ar	Gjeld før arealdelen.
-	Fjordhestesenteret	1996001	01.02.1996	Hestesenter	Gjeld bak arealdelen.
H910_15	Hogaåsen og Langelandsåsen	2006005	17.09.2009	Bustad	Gjeld før arealdelen.

H910_15	Endring i plan for Hogaåsen - Langelandsårsen - kryssing av ferdselsvegen	201009	08.04.2011	Veg	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Næringsområde på Myklebust og Stokkenes	2006004	14.10.2010	Forretning/kontor/industri	Gjeld før arealdelen.
H910_15	Mindre endring av reguleringsplan for næringsområde på Myklebust og Stokkenes		27.11.2014	Forretning/kontor/industri	Gjeld før arealdelen.
